



Fylkesmannen i  
Hordaland

Dato:  
28.02.2006

# Årsrapport 2005

Statens hus  
Kaigaten 9, 5020 Bergen  
Telefon: 55 57 20 00  
Telefaks: 55 57 20 09

Postboks 7310, 5020 Bergen  
Telefaks:  
Org.nr: 974760665

E-post:  
postmottak@fmho.no  
Internett:  
[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)

# Innhald

KAPITTEL 1.....	3
1.2 Budsjett.....	3
1.4 Sakshandsamingstid .....	3
1.5 Andre administrative føringar .....	5
KAPITTEL 2 – SENTRALE POLITISKE FØRINGAR.....	7
2.1 Modernisering av offentlig sektor .....	7
2.2 Samordning og rettleiing.....	7
2.3 Velferd, helse og personretta tenesteyting .....	9
2.4 Oppvekst og utdanning.....	10
2.5 Regional planlegging og arealpolitikk .....	11
2.6 Naturressursforvaltning.....	12
2.7 Informasjonsformidling og forvaltning.....	15
2.8 Innovasjon og verdiskaping .....	16
2.9 Samfunnstryggleik og beredskap.....	18
2.10 Internasjonalt engasjement.....	18
KAPITTEL 3 – RESULTATOMRÅDA.....	19
3.1 Barne- og familiedepartementet .....	19
3.2 Helse- og omsorgsdepartementet .....	21
3.3 Justisdepartementet .....	31
3.4 Kommunal- og regionaldepartementet.....	38
3.5 Kultur- og kyrkjedepartementet .....	43
3.6 Landbruks- og matdepartementet.....	44
3.7 Moderniseringsdepartementet .....	55
3.8 Miljøverndepartementet .....	56
3.9 Utdannings- og forskingsdepartementet.....	59

# KAPITTEL 1

## 1.2 Budsjett

Fylkesmannen i Hordaland si budsjettramme på kap. 1510 for 2005 var på kr. 73 100 000. Det er teke i bruk ein ny fordelingsmodell ved deling av budsjettet mellom embeta i 2005. Dette har ført til at Hordaland har fått ein auke i ramma. Embetet har i 2005 løyst oppgåvene innafor tildelt budsjettramme. Ny Intern økonomiinstruks vart fastsett og embetet tok i bruk eit internt rapporteringssystem – Rapportintranett. Det er også inngått ny avtale med Senter for statlig økonomistyring om Utførelse av økonomitjenester.

## 1.4 Sakshandsamingstid

### Klagesaker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen avgjorde 523 klagesaker etter plan- og bygningslova i 2005. Dette er 35 % meir enn året før. 82 % av dei kommunale vedtaka vart stadfesta av Fylkesmannen. Auken skuldast dels stor byggjeaktivitet og dels opprydding i Bergen kommune og gjorde det i periodar vanskeleg for Fylkesmannen å halde lovnaden i sørviserklæringa om saksbehandlingstid på tre månader. Med stram prioritering vart likevel ei saksbehandlingstid på to og ein halv måned nådd ved utgangen av året. For saker der klaga har utsetjande verknad har vi halde lova sitt krav om seks veker.

Fylkesmannen avgjorde to saker om oreigning etter oreigningslova og ei klagesak som galdt kommunalt vedtak etter plan- og bygningslova § 35 om oreigning til gjennomføring av reguleringsplan. Sju saker gjaldt oreigningsinngrep før det låg føre rettskraftig skjøn (oreigningslova § 25). I tillegg hadde vi ei sak der det vart gjort vedtak om rettsleg skjønn i staden for lensmannsskjønn.

### Introduksjonslova

Vi har handsama tre klagar på kommunale vedtak etter introduksjonslova. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid var ein måned. Klaga gjaldt stans i introduksjonsprogram/–stønad, og alle dei kommunale vedtaka vart stadfesta av Fylkesmannen.

### Siviladministrasjon

Fylkesmannen handsama 20 klager på vedtak i overformyndieret i 2005. I tillegg har vi desidert 17 overformynderi / hjelpeverjerekneskap frå 2004.

I løpet av året har vi og fått 28 overformynderirekneskap som er under desisjonsbehandling. Fylkesmannen handsama to søknader om innløyning av festetomter i 2005.

### Klagesaker etter sosialtenestelova

Fylkesmannen handsama 588 klagar etter sosialtenestelova. Talet på klagesaker har dei siste åra lege stabilt rundt 600. Dei fleste klagane gjaldt økonomisk sosialhjelp (77 %), mens ein femdel gjaldt sosiale tenester som omsorgsløn, heimehjelp, støttekontakt og avlastning. Av andre områder kan nemnast tiltak for rusmisbrukarar (3 %). Dei fleste sakene var frå Bergen (58 %). Åtte kommunar hadde ingen slike saker i 2005.

I gjennomsnitt tok det litt meir enn to månader frå klagen kom inn til Fylkesmannen til avgjerd gjekk ut. I 41 % av sakene var saksbehandlingstida mindre enn to månader, og i 89 % var saksbehandlingstida mindre enn tre månader. Når ei sak tek meir enn tre månader skuldast det gjerne behov for fleire opplysningar eller saksdokument før klagebehandling, gjerne etter ønskje frå klagaren.

Fylkesmannen har i nokre tilfelle avgjort tvistar mellom kommunar om økonomisk ansvar for sosialhjelp eller sosiale tenester til einskildpersonar.

### **Forvaltningslova og offentleglova**

Fylkesmannen handsama tre klagesaker som galdt avslag på partsinnsyn etter forvaltningslova og fem klagesaker som galdt avslag på dokumentinnsyn etter offentleglova.

### **Klage- og tilsynssaker etter helselovene**

#### *Fleire pasientrettsklager*

I 2005 behandla Helsetilsynet i Hordaland 96 klagar på manglande innfriing av pasientrettar, 41 fleire enn året før. Dei fleste gjeld avslag på dekning av reisekostnader ved behandling (41), avslag på søknad om sjukeheimsplass (24) og avslag på rett til nødvendig behandling i spesialisthelsetenesta (19). Alle klagane vart behandla innan to månader.

#### *Stabile tal på klager i psykisk helsevern*

I 2005 behandla Fylkesmannen 116 klagar på tvangsbehandling i det psykiske helsevernet mot 107 i 2004. Alle gjaldt tvangsmedisinering og ein av klagarane fekk medhald. Nesten alle sakene vart behandla innan to yrkedagar.

#### *Tilsyn med helseteneste og helsepersonell*

Helsetilsynet fører tilsyn med utgangspunkt i hendingar som kan tyde på svikt i tenestetilbodet og vurderer om desse hendingane kan karakteriserast som brot på krav i helselovgjevinga. I 2005 vart 25 saker sende over til helsetenesta for eiga oppfølging utan medverknad frå tilsynsstyresmakta. Talet på avslutta saker auka frå 144 i 2004 til 165 i 2005. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore i overkant av fire månader.

I 2005 vart 27 saker sende til Statens helsetilsyn for vurdering av administrative reaksjonar etter helsepersonellova. Ein lege mista autorisasjonen sin, to fekk mellombels suspensjon av autorisasjonen og ein vart fråteken retten til å skrive ut legemiddel. Fire legar, ein tannlege og ein farmasøyt fekk skriftleg åtvaring. Året før vart det sendt 16 saker til Helsetilsynet. Ein hjelpepleiar mista autorisasjonen sin ved dom.

Fylkesmannen har ikkje fått søknader om godkjenning av transplantasjon for personar som er under 18 år eller som manglar evne til å gi eige samtykke. Vi har behandla ei sak som gjeld sterilisering av psykisk utviklingshemma. Vi har gjort vedtak i 42 saker som gjaldt særfrådag i skatt for utgifter til behandling utanom den offentlege helsetenesta. Fylkesmannen har ikkje fått pasientjournalar til oppbevaring i 2005.

### **Klagesaker etter opplæringslovverket**

Fylkesmannen behandla 46 saker etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i høve til offentlege tilskot og foreldrebehandling. 29 av dei fekk medhald, to fekk delvis medhald og fire fekk avslag. Resten vart sende tilbake for ny vurdering eller vart avviste. (Link til tabell)

341 klager gjaldt grunnskule. Dei aller fleste var klagar på standpunktkarakter, der 46 av 179 fekk heilt og ein delvis medhald. Det var 26 som klaga på vedtak om skuleskyss, og to av dei fekk heilt eller delvis medhald i klagen sin. 39 av 71 klager på spesialundervisning resulterte i medhald til klagar. (Link til tabell)

Frå vidaregåande skule kom det inn sju klagar, og vi gav ein av klagarane medhald. (Link til tabell) Saksbehandlingstida var fire til fem veker i gjennomsnitt.

### **Fri rettshjelp**

Fylkesmannen betalte i 2005 ut over 22 millionar i fri rettshjelp. Det kom inn 3 021 nye søknader/arbeidsoppgåver som gjaldt fritt rettsråd og 164 søknader om fri saksførsel. Saksbehandlingstida var ved utgangen av året var om lag ein måned for arbeidsoppgåver og sakførsel, og om lag ein og ein halv måned for behandling av søknader om rettsråd.

### **Gjeldsrådgeving**

Gjeldsrådgeving var eit satsingsområde frå Sosial- og helsedirektoratet si side i 2005. Det er gjennomført fem møte i operativ arbeidsgruppe økonomisk rådgeving (OAØ) i regi av Sosial- og helsedirektoratet og seks møte i kompetansegruppa som er oppretta av OAØ. Fylkesmannen har i tillegg til samarbeid med andre fylke arrangert eigne grunnkurs i Hordaland og Vest-Agder, og vidaregåande kurs i Vest-Agder. Samarbeidsforum for økonomiske rådgjevarar i Hordaland i regi av Fylkesmannen har hatt fire møte.

### **Truomssamfunn og lov om heilagdag**

I 2005 vart det registrert fire nye truomssamfunn. Ingen samfunn vart sletta frå registeret i 2005. Ved utgangen av året var det i Hordaland 51 registrerte og åtte uregistrerte truomssamfunn. Fylkesmannen betalte i 2005 ut 3 051 509 kroner til 43 truomssamfunn med i alt 10 507 medlemmer. Fylkesmannen har i løpet av året oppnemnt forstandarar i fleire truomssamfunn, og i eitt tilfelle vart det gjeve dispensasjon for aldersgrensa for forstandarar.

Det vart handsama fire saker som gjaldt opningstider

### **Stiftingar**

Fylkesmannen registrerte i 2005 tre nye stiftingar, som det hadde kome melding om i 2004. Etter denne datoen vert nye stiftingar registrerte i Stiftelsestilsynet.

## **1.5 Andre administrative føringar**

### **Personalpolitikk**

For å styrkje arbeidsmiljøet og fellesskapskjensla på tvers av fagavdelingane har det m.a. vore arrangert fellesseminar med etikk som tema. Embetet held fram arbeidet med å nå måla i avtalen om inkluderande arbeidsliv. Sjukfråværet har dei siste åra vore stabilt lågt. I 2005 var sjukefråværet 4.0 %.

Fylkesmannen følgjer opp sentrale føringar i rekrutteringspolitikken.

### **Fylkesmennenes regionale informasjonsnett (FRI)**

I forbindelse med innføring av FRI ble alle nødvendige tiltak gjennomført i 2004 for få etablert løysninga. Ny internett kommunikasjonslinje, ombygd sikkerheitsløysing, samt oppgradering

av e-postsystemet er etablert og gjennomført som ledd i innføringa av FRI. Det er i 2005 sett i drift løysning for synkronisering av e-postadresser mellom fylkesmannsembeta.

### **Likestilling**

Av dei tilsette er 54 % kvinner og 46 % menn. Fylkesmann og assisterande fylkesmann er begge menn. Fylkesmannen har fem fagavdelingar og tre stabseiningar. Administrasjonssjef og to avdelingsleiarar er kvinner. Likestillingsaspektet blir alltid vurdert i samband med rekruttering. Fylkesmannen i Hordaland har føringar for likestillingsarbeidet forankra i den lokale i Personalplanen, i Lønnspolitiske retningslinjer og i Tilpasningsavtalen. Embetet har laga eigen rapport om likestillingsarbeidet i 2005. Sjå elles resultatområde 49 under kapittel 3.

### **Grøn stat**

Fylkesmannen har sett i verk nokre tiltak innan Grøn Stat, særskilt innafor energiområdet. Embetet har starta eit arbeid med tanke på tiltak innafor transport, forbruk og avfall.

## **KAPITTEL 2 – SENTRALE POLITISKE FØRINGAR**

Det vert under dette kapittel vist til kapittel 3 for fleire detaljar om de ulike postane.

### **2.1 Modernisering av offentlig sektor**

Hordaland Fylkesmannsembete har i 2005 søkt å halde ein tett dialog med kommunane med tanke på omstilling og modernisering, eit arbeid som går kontinuerleg på dei ulike saksområda. Spesielt kan me nemne at embetet deltek i styringsgruppa for Stifinnerprosjektet på Bømlo. Vidare har embetsleiing og moderniseringsrådgjevar sete i hhv styre og sekretariat for prosjektgruppa for ”framtidens kommunestruktur”. Rapporten vart lagt fram 2. mai 2005.

Fylkesmannen har i 2005 fylgt opp, og orientert om omstillingsløyser, og har brukt skjønnsmidlar til prosjekter. Kr. 2 mill blei i 2005 fordelt på 9 ulike tiltak, i hovudsak interkommunale. Det er lagt opp til rapportering og erfaringsutveksling.

Størst merksemd, tildeling og rettleiing har blitt gitt til ROBEK kommunar.

Embetet har søkt å halde etablerte fristar for sakshandsaming for at innbyggjarar, kommunar og næringsliv skal møte ein velfungerande offentleg sektor (meir om sakshandsamingstider under 1.4), og elles søkt å bidra til utvikling og verdiskaping.

Fylkesmannen har deltatt i utarbeiding av ein fylkesdelplan som tek utgangspunkt i strategien om universell utforming. Målet er å finne brukande løyser for personar med nedsett funksjonsevne. Planen vert retningsgjevande for kommunane sitt arbeid på dette området.

Regjeringa si vidareføring av ”Landbruk Pluss” har blitt fylgt opp av embetet i Hordaland, og Landbruksavdelinga har vore sitt koordineringsansvar bevisst.

### **2.2 Samordning og rettleiing**

Fylkesmannen har i 2005 fortsett arbeidet med å samordne statlege etatar i fylket/regionen. Det er oppretta et eige statsetatsleiarforum som vert samla med jamne mellomrom. Forumet organiserar også eit årleg seminar over to dagar med kommuneleiing der aktuelle tema vert tekne opp til diskusjon. I år var NAV, krisehandsaming, konsekvensar av valet 2006 og regionalisering tema på ei samling som hadde hovudvekt på barn og unges oppvekstvilkår.

Fylkesmannen sine avdelingar legg vekt på samordning etter fagområde og oppgåve, men for 2005 kan spesielt tema barn og unges oppvekstmiljø, og samfunnsikkerheit og beredskap nemnast.

I 2005 har Fylkesmannen arbeidd målretta for å samordne statlege innsatsområde som gjeld barn og unges oppvekstmiljø. Gjennom ei intern samordningsgruppe har embetet utvikla tverrfagleg samarbeid for statlege mål innan miljø, helse, utdanning, landbruk og beredskap. Resultatet av denne tilnæringsmåten har vore særleg synleg gjennom konferansar, møte og innspel til kommunane, ikkje minst i arealplansaker der barnehage/skule, uteareal, grønstruktur,

friluftsliv og fysisk aktivitet har vore sentrale tema. Fylkesmannen gjennomførte i 2005 ei spørjeundersøking om barnerepresentantordningane. Denne viser at krav i gjeldande lov og retningsliner for barn og unge ikkje vert følgde opp på ein god nok måte i mange kommunar.

Innan Samfunnsikkerheit og Beredskap er det stor grad av samordning, mellom anna gjennom Fylkesberedskapsrådet som har representantar frå alle relevante statsetatar og avdelingar. Året har vidare vore prega av krisehendingar som har sett organiseringa på prøve, og det har vidare vore arrangert større øvingar med relevante statsetatar og kommunane.

Gjennom tilsyn, rådgjeving, sakshandsaming, møter, samlingar og kurs søker embetet å innfri sine oppgåver med omsyn til å orientere om plikter og fridom kommunane har ved innføring av statleg politikk på alle saksfelt.

Når det gjeld det økonomiske området har vi har sendt brev til kommunane via e-post med informasjon om statsbudsjettet og kommuneproposisjonen så snart dette vart offentlig. Fylkesmannen sine økonomirådgjevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen. Vidare held Fylkesmannen innlegg om verknadene av statsbudsjettet for kommunane i Hordaland under KS sin haustkonferanse.

Fylkesmannen deltek også på den årlege Hordalandskonferansen i månadsskiftet mai/juni med innlegg om den økonomiske stoda i fylket og informasjon om revidert nasjonalbudsjett.

Vi har gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunar, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksisen gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, Fylkesmannen god oversikt over den økonomiske tilstanden i fylket. Embetet legg vekt på å vere inkluderande og imøtekommande, og det vert ofte arrangert særskilde møte mellom kommunar og Fylkesmannen om økonomiske og andre emne. Embetsleiinga deltek ofte på desse møta.

Vi har særleg lagt vekt på å halde god kontakt med kommunar som står oppført i ROBEK eller som står i fare for å komme på denne lista. Vi har sett krav om forpliktande plan ut frå rammene i kommunelova, og gjennomføring av konkrete innsparingstiltak, men har overlata til kommunane sjølv å gjere framlegg om aktuelle tiltak. Vi har og halde igjen skjønnsmidlar til 2 kommunar i påvente av at dei skulle gjennomføre naudsynte omstillingstiltak.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har òg kvalitetssikra data når vi har funne dette naudsynt.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA i sin dialog med kommunane og i anna statistikk og har i år utarbeid ein samanfattande rapport om den økonomiske stoda i alle fylket sine kommunar. Rapporten strekk seg tilbake til 2001. I tillegg er det lagt ut 2004-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Rapporten er publisert på heimesida vår og marknadsført overfor kommunane. Einskilde kommunar har lagt fram rapporten i politiske utval.

Ordinært skjønnsstilskot for 2005 blei fordelt med ei ramme på 159,6 millionar. To millionar vart sette av til prosjektstønad.



Vi har fordelt ordinære skjønnsmidlar til kommunane for 2006 med 154,5 mill kroner. Også for 2006 er 2 mill kroner haldne tilbake til prosjektskjønn. Desse pengane skal fordelast i løpet av året.

Landbruksavdelinga har eit godt samarbeid med næringsorganisasjonane, Innovasjon Noreg og Hordaland Fylkeskommune når det gjeld næringsområdet, mellom anna gjennom RUP samarbeidet og Strategisk næringsplan. Landbruksavdelinga deltar og i regionalt næringsforum, som er eit forum der næringsaktiviteten i fylket vert koordinert. Det blei i 2004 inngått ein samarbeidsavtale mellom Innovasjon Noreg og FMLA. Denne avtalen er i 2005 følgt opp med dialogmøte og diverse samarbeid i fht prosjekt, kurs og konferansar. Bygdeutviklingsarbeidet i Hordaland vart evaluert i 2005.

Fylkesmannen fekk frå 2005 ansvaret for å fordele dei bedriftsretta midlane frå Landbruks- og matdepartementet til Innovasjon Noreg. I den samanheng blei det utarbeidd ein regional strategi som skal ligge til grunn for det regionale arbeidet med landbruksrealtert næringsutvikling generelt og for forvaltning av dei fylkesvise BU-midlane spesielt. I denne samanheng har Landbruksavdelinga hatt ein god og regelmessig dialog med Innovasjon Noreg, næringsorganisasjonane, KS, FK og Universitetet i Bergen. Strategien blei grunnlaget for dei vedtak og disposisjonar IN har gjort dette ift bruk av bedriftsretta midlar til landbruket i fylket.

### **2.3 Velferd, helse og personretta tenesteyting**

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Hordaland har prioritert å gjennomføre dei landsomfattande tilsyna i samsvar med oppdraget frå Statens helsetilsyn. I tillegg har vi på grunnlag av eigne risikovurderingar gjennomført tilsyn med tilbodet til eldre og psykisk sjuke. Arbeidet med Opptrappingsplanen for psykisk helse er gjennomført i samsvar med oppdrag. Prosentdelen av dei øyremerkte tilskota til barn og unge er no på nesten 20 % for heile fylket. For meir detaljert omtale, sjå pkt.76.2.7 i del 3.

Vi har ingen grunn til å tru at innsette i fengsel ikkje får dei helsetenestene dei har krav på. Når det gjeld helsetenester til asylsøkjjarar og flyktingar har vi gjennomført kurs for aktuelt personell i mottak og kommunale tenester. Legar og jordmødrer har fått tilbod om presentasjon av dei nye retningslinene for svangerskapsomsorga på eit eige seminar.

Hordaland fylkeskommune vedtok i 2004 å ikkje søkje om å bli partnerskapsfylke. Fylkesmannen har ved fleire høve tatt kontakt med fylkeskommunen for å etablere eit nærare og meir systematisk samarbeid om folkehelse i Hordaland. Ved årsskiftet 2005 – 2006 ser det ut til at vi får etablert eit samarbeid som vi vonar kan gi resultat i løpet av året.

I arbeidet med Handlingsplan for fysisk aktivitet har vi så langt prioritert tiltak for barn og unge, særleg oppfølginga av prosjekt fysisk aktivitet og måltid i skulen. Det er no 22 skular med på dette prosjektet. Både dette prosjektet og handlingsplanen vart presenterte på regionale konferansar for alle kommunane i Hordaland hausten 2005.

## **2.4 Oppvekst og utdanning**

Fylkesmannen har gjennom samling for kommune og statsetatsleiarar, tverrstatlege fora om barn- og unge, gjennom tildeling av skjønnsmidlar til prosjekt og gjennom den daglege sakshandsaminga, fylgt opp nasjonal politikk knytt til barn og unge sin oppvekst.

Utdanningsavdelinga har i samråd med andre avdelingar, og til dømes husbanken, arbeidd for at regjeringa sine mål med barnehagereforma skal bli innfridde.

Utdanningsavdelinga har ved eigne juristar og økonomisk kompetanse frå kommunal- og samordningseininga brukt dei nødvendige ressursar for å sjå til at nye forskrifter om foreldrebetaling og likeverdig behandling av offentlige og private barnehagar vert oppfylt.

Utdanningsavdelinga har behandla klagesaker etter forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i høve til offentlege tilskot og etter forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Dette har vore kompliserte og tidkrevjande saker. Sidan forskriftene er nye, har det oppstått mange nye prinsipielle tolkingsspørsmål/ problemstillingar. Mange av spørsmåla har dreidd seg om forvaltningsrett, jus og økonomi.

Utdanningsavdelinga har teke del i samarbeidsprosjektet ”Barnehage + skole = sant” i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland. Vi har også informert kommunar og private barnehageeigarar om ny barnehagelov og om ny rammeplan.

Fylkesmannen har skrive fleire brev til departementet om tolkingsspørsmål i samband med desse sakene. Eit av breva har departementet brukt og sendt ut til alle fylkesembeta, og rettleiar for likebehandling av offentlege og private barnehagar har vorte endra etter innspel frå embetet.

I tillegg har Utdanningsavdelinga gitt fleire høyringsuttaler:

- Ny barnehagelov: forskriftsheimel for saksbehandlingsreglar for opptak i barnehage m.m.
- Ny opptaksordning og opptakskriteria for barnehagar i Bergen kommune
- Forslag til endringar i barnetrygdregelverket
- Endring av forskrift om likeverdig behandling i høve til offentlege tilskot

Fylkesmannen har arbeidd for at fristar skulle overhaldast og at kvaliteten på rapporteringa frå kommunane skulle vere tilfredstillande.

Når det gjeld krav om tal på tilsyn med barnevernsinstitusjonar, kan embetet rapportera om 101 av 119 besøk for individretta tilsyn (85% av resultatkrav) og 10 av 22 institusjonar på systemrevisjon (45% av resultatkrav). Hovudårsak til at resultatkrava ikkje er nådd: Det er for få personar til å utføre oppgåvene når sentrale medarbeidarar med erfaring med tilsynsoppgåvene har svangerskapspermisjon eller er sjukemeld. På tilsynsområdet er det krav om å arbeide saman minimum 2 personar. Gruppa er sårbar når ein eller to er borte i periodar.

For systemrevisjon for kommunar var måloppnåinga 100% (3 av 3 kommunar). I tillegg blei det gjennomført ein ekstra revisjon på ein kommune etter oppmoding frå departementet.

Det er ført tilsyn med at skolar vert drivne etter opplæringslova og friskolelova, sjå resultatområde 31.1.

### *Opplæring innanfor kriminalomsorga*

Våren 2005 la statsråd Kristin Clemet fram *St.meld. nr. 27 (2004-2005) Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen*. Meldinga har mange forslag til forbetringar av opplæringa for innsette i norske fengsel. Stortingsmeldinga blei drøfta i Stortinget i juni og mange av forslaga blei forsterka. Fylkesmannen i Hordaland leiar ei arbeidsgruppe som skal lage ein plan for oppfølging av stortingsmeldinga. Stortingsmeldinga er også sett om til engelsk og sendt til alle utdannings- og justisdepartement i Europa. Den nordiske rapporten *Å lære bak murene* som blei administrert av Fylkesmannen i Hordaland, er omsett til engelsk og sendt aktuelle samarbeidspartnarar i Europa. Elles viser vi til eigen nasjonal rapport for området.

### *Rett tiltak til rett tid*

Den overordna målsettinga for dette prosjektet er å førebyggje psykisk sjukdom. Prosjektet starta i 2004 og byggjer på konkrete erfaringar og kunnskap om nytten av å oppdage tidlege teikn på psykiske problem eller sjukdom. Det vert gjennomført ei prosess- og effektevaluering, og sluttrapporten vil liggje føre i løpet av første halvår 2006. Det er venta at Helse Bergen og Regionsenteret for barn og unges psykiske helse vidarefører prosjektet.

## **2.5 Regional planlegging og arealpolitikk**

### *Regional planlegging og arealpolitikk*

Auken i saker etter Plan- og bygningslova held fram. Om lag 1809 saker vart handsama, av dette 27 kommuneplansaker, 569 reguleringsplanar og 1187 dispensasjonar frå vedtekne planar. I tillegg er det medverka til rullering av fylkesplanen. Fylkesmannen fann det i 2005 naudsynt å fremja ei eller fleire motsegner til 46 planar. I tillegg registrerer vi diverre at kommunane framleis i aukande grad har tillete dispensasjonar, noko som har gjort at talet saker embetet har måtta påklage også har auka. For å oppfylle nasjonale mål for arealforvaltninga, særlig i høve til strandsonevernet, vart det påklaga 85 saker.

Innanfor dei rammene vi har hatt til rådvelde, er kommunedialog og samarbeid med regionale styresmakter prioritert. Samarbeidet med Hordaland fylkeskommune om ein rettleiar for naustbygging er eit døme på dette. Samstundes vart temaet barn og unge i planlegginga og universell utforming fokusert, mellom anna på det årlege planseminaret i Bergen og på Solstrandkonferansen, der politisk og administrativ leiing i kommunane deltok. Det vart og halde samrådsmøte med Statens vegvesen.

Fylkesmannen har elles vidareutvikla samarbeidet mellom avdelingane. Plangruppa har faste representantar frå alle avdelingane, noko som gjer embetet i stand til å fronte nasjonale mål for arealforvaltningane på tydlegare og betre mot våre samarbeidspartar

### *Areal (landbruk)*

Fylkeslandbruksstyret har også i 2005 i all hovudsak vore klageinstans for kommunale vedtak etter jordlova, konsesjonslova og odelslova. I tillegg er fylkeslandbruksstyret ein viktig uttaleinstans etter plan- og bygningslover. Fylkeslandbruksstyret handsama 64 saker i 2005.

Det blei gjennomført ein stor jordvernkonferanse i Bergen i 2005 der kommunane var godt representerte både med politikarar og administrasjon. Fylkesmannen har gjennom fleire år fokusert på jordvern og har ved bruk av bilete og biletmanipulering prøvd å synleggjere endringane i landskapet dei siste 50 åra. Dette materialet er sendt til alle kommunane, og det har også i 2005 vore mykje brukt som formidlingsmetode.

I mai 2005 kom rettleiaren for kjerneområde landbruk frå LMD. Den tek for seg registrering og prioritering av viktige område for jordbruk og kulturlandskap, og vil vere utgangspunkt for vidare arbeid med kartlegginga i Hordaland. I august/september vart det halde fire regionale samlingar for dei landbruksansvarlege i kommunane. Eit av emna var kjerneområde landbruk. Det vart informert om innhaldet i rettleiingsheftet og om kva hjelp kommunane kan få til kartlegginga frå Fylkesmannen.

Kartlegginga er ein viktig del av dei langsiktige prioriteringane som kommunen gjer i arealplanlegginga. Arbeidet med forvaltingsplan for Folgefonna nasjonalpark og tilliggjande landskapsvernområde starta hausten 2005.

## **2.6 Naturressursforvaltning**

### *Berekraftig bruk av biologisk mangfald*

Den største milepålen innan arbeidet med biologisk mangfald i 2005 var opprettinga av verneområda Folgefonna Nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde, som vart vedteken ved Kongeleg resolusjon 29.april.

Vestnorsk fjordlandskap, som består av Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, vart i juli innskrive på Unesco si verdsarvliste. Dette er dei første naturområda i Noreg på denne lista. Det er venta at denne prestisjefylte statusen vil gje positive ringverknader for områda.

Arbeidet i 2005 har gått på organisering av felles overbygning og for delområda kvar for seg. Dessutan er arbeidet starta opp med tilrettelegging for ei offisiell markering av verdsarvstatusen i 2006.

Fylkesmannen overtok dessutan koordineringsansvaret for Hardangervidda, som dei seinaste åra har lege til Telemark. I samband med det vart det mellom anna halde fellesmøte med tilsynsutvala og embeta i Buskerud og Telemark.

Samarbeidet med Statens naturoppsyn vart utvikla vidare, og av større skjøtselsprosjekt i verneområde kan nemnast utdrift av framande treslag frå Otterstad Naturreservat Modalen kommune.

Overvaking av den urovekkjande situasjonen for hekkebestandane av fleire sjøfuglartar held fram. Situasjonen for dei aller fleste fiskeetande sjøfuglartane er no dramatisk over det meste av Vestlandet, og Fylkesmannen har teke initiativ til å samordne forvaltninga av marine ressursar som fisk og sjøfugl på Nordsjøkysten betre enn tilfellet så langt har vore.

### *Vern av villaksen*

I 2005 har det vore lagt mykje vekt på å vidareføre arbeidet med å finne årsaka til nedgangen i stamma av vossolaks. Vi har mellom anna arrangert eit forskingsseminar på Voss, der konklusjonane frå forskinga i 2005 blei lagt fram og planarbeidet for 2006 starta. Det har og vore vidareført og sett i verk ei rekkje tiltak for å betre forholda for vossolaksen, utan at ein har lukkast med å restaurere stamma.

Det har også i år vore naudsynt å fokusere mye på dei truga stammene av villaks i Hardanger. Av di lakseoppdrettsnæringa i Hardangerfjorden har teke viktige initiativ for å rydde opp i det alvorlege problemet med lakselus dei har skapa, har noko av vår innsats på området vore å

stimulere og framheve deira innsats. Vi har teke initiativ til ei rekke presseoppslag om temaet, og lukkast med å få fylkeskommunen til å tildele deira miljøpris til fiskeoppdrettarane som står bak dette tiltaket.

Talet på vassdragsutbyggingssaker der vi må vurdere skadeverknader på lakse- og sjøaurestammene har fortsett å auke monaleg. Også innan arbeidet med grovkarakteriseringa av vassdrag i tråd med EUs vassdirektiv, har det vore naudsynt å ta mye omsyn til stoda for dei ville laksestammene.

#### *Landsdekkjande kontrollaksjonar*

Fylkesmannen har delteke i fire landsdekkjande kontrollaksjonar i samarbeid med Statens forureiningstilsyn (SFT). Aksjonane var retta mot

- PCB-haldige kondensatorar i lysarmatur og isolerglasruter med PCB. Sjå artikkel [Byggeigarar må ta større ansvar for PCB-avfall](#).
- Notvaskeri og notimpregnering. Sjå artikkel [Tre av fire notverkstader stetta nye krav](#)
- Mottakskontroll av deponi, sorteringsanlegg og forbrenningsanlegg. Sjå artikkel [Avfallsanlegg må bruke fleire gule kort](#).
- Bilopphoggarar. Sjå artikkel [Mykje å retta på](#)

Ved desse aksjonane blei det gjennomført til saman 81 inspeksjonar. Omtale av resultatane av dei ulike aksjonane finn ein ved å følgje [linken](#).

I tillegg er det gjennomført 11 inspeksjonar på andre felt der Fylkesmannen er forureiningsstyremakt. Vi brukte 95 vekeverk på forureiningstilsyn i 2005 mot 75 året før. Sjå [tilsynsrapportane](#).

#### *PCB og andre miljøgifter*

Arbeidet med [Tiltaksplanen Bergen havn fase II](#) vart avslutta ved utgangen av året. Rapporten inneheld mellom anna resultatane frå Norges Geologiske Undersøkingar si kartlegging av PCB-kjelder på land, og undersøkingar og modellutrekningar. Rapporten er oversendt Statens forureiningstilsyn for vidare handsaming.

Arbeidet med kartlegging av [DDT-kjelder langs Sør fjorden](#) heldt fram i 2005, og ein rapport vil bli lagt fram i 2005. Det er gjennomført intervju med fruktbønder utan at vi har funne sikre kjelder, og nokre undersøkingar i sjø og på land er gjennomførte. Det er venta at eit større prosjekt vil bli sett i gang i løpet av 2005 for å fullføre kartlegginga. Både SFT og landbruksstyresmaktene støttar ein slik tanke.

#### *Støy i plansaker*

Fylkesmannen arrangerte i 2005 dagskurs om dei nye støyretningslinjene for kommunar, konsulentar og aktuelle statlege etatar.

Vi har auka fokus på korleis støy er handsama i saker etter plan- og bygningslova og arbeider aktivt for at kommunane med flest støykjelder ved rullering av kommuneplanens arealdel, legg inn støysoner på plankartet. Utviklinga går i retning auka medvit knytt til støy, og utredningar om støy i samband med kommunale og private detaljplanar.

### *Miljøstatus*

Miljøstatus i Hordaland er vidareutvikla og inneheld informasjon om miljøtilstand og utvikling. Nettstaden er av dei mest besøkte fylkesrapportane i landet. Informasjonen er gjennomgått og fleire tema er oppdatert i 2005. Nøkkeltal som viser status i Hordaland i forhold til måla i miljøpolitikken er oppdatert for ein del område i løpet av året, og arbeidet med dette vert vidareført i 2006.

### *EUs vassrammedirektiv*

Grovkarakteriseringa av alle vassdrag og kystområde i Hordaland vart gjennomført i 2004 som grunnlag for detaljkarakterisering av vassførekomstar som ikkje har eller vil ha god økologisk status i 2015. Resultata av arbeidet er sendt inn til Statens forureiningstilsyn. Rammer for dette arbeidet er gjeve i ny forskrift om vassforvaltinga som vart lagt ut til høyring like før jul.

### *Streif 2005*

Hundreårsmarkeringa i Hordaland blei eitt av høgdepunkta dette året. Landbruket markerte denne viktige hendinga i nasjonen si historie med Streif i jordbruket sitt kulturlandskap i heile landet, men hovudmarkeringa blei gjort i Hardanger der H. M. Dronning Sonja opna den nasjonale markeringa på Reiseter i Ullensvang 22. april. Opningsstreifet fekk namnet Maten og kunsten i landskapet.

Tre tusen følgde H. M. Dronninga gjennom frukthagane frå Reiseter til Nå, der alle fekk smake eller kjøpe lokalprodusert mat. Vikebygd-krinsen hadde utdanna 100 kulturlosar som viste folk gjennom landskapet. Kunstnarar frå Hardanger og Nordisk kunstnarsenter hadde landskapskunst langs løypa. Det blei arrangert ein stor nasjonal konferanse om Frukthar framtid på Lofthus. Der blei også markeringa i Hardanger avslutta med ein nasjonal festkveld, Landskapet i kunsten, der nokre av landets fremste artistar deltok under leiing av professor Gunnar Danbolt.

Stafettpinnen frå dette første streifet gjekk vidare til åtte andre spennande kulturlandskap i Hordaland. Kvar tur hadde eit eige tema som synte mangfaldet av kulturlandskap, historie og ikkje minst menneske som lever i og av landskapet. På kvar tur ønskte vi å gje deltakarane ein smak av landskapet med mat laga i området. Til saman deltok 8000 på dei ulike streifa i Hordaland.

### *Kulturlandskap*

Dei økonomiske virkemidla på kulturlandskap (SMIL) og miljøvirkemidla i skog (NMSK) er overførte til kommunane for avgjerd. Det har vore god aktivitet i kommunane dette året. Fylkeskvoten på SMIL var på 7,7 mill.kr, men saman med inntekter/midlar vart det totalt gitt løyvingar for 9,8 mill.kr,. Tal saker har auka sett i høve til fjoråret. Det er meldt inn om lag 450 saker, medrekna avslagssaker. Det utgjer ein auke på vel 30 % frå 2004. Det er ein svak nedgang i saker som gjeld verneverdige bygg. Det er helst mindre bygg i kulturlandskapet og på stolar det vert gitt tilskot til, med unntak av nokre bustadhus. Når det gjeld landskapstiltak er det blitt fleire saker. Særleg gjeld det tiltak for å ta vare på gammal kulturmark gjennom ryddings- og gjerdingsarbeid. Det har kome inn ei klagesak til Fylkesmannen.

På ordninga NMSK var det løyvd 5,6 mill, det meste er brukt til bygging av skogsvegar. Frå kommunane vert det meldt om aukande aktivitet. Her viser kommunane til dei utarbeidde strategiplanane. Strategiane er kommunen sin hovudinformatjon til Fylkesmannen og er eit

viktig grunnlag for fordeling av den årlege kvota. Fleire kommunar har oppdatert strategiplanane sine dette året for å fange opp nye prosjekt og utfordringar.

Beitebruken er viktig i samband med gjengroing og skjøtsel av landbruket. Det vert stimulert til meir beiting gjennom ordninga organisert beitebruk både i utmark (fjell) og i låglandet. Gjennom organisert beitebruk er det i 2005 registrerte 92 godkjende lag mot 87 i 2004. Sein sleppetid på grunn av mykje snø i fjellet, men det var godt beite og god tilvekst på lamma. Det var mindre tap enn dei siste åra –truleg på grunn av kjølig beitesesong og mindre åtak av flugemark. Det vart slept 2800 færre sauer i 2005 ift 2004. For beitande storfe var det ein liten auke, og for geit - litt reduksjon. Beitebrukarar som nyttar fjellbeite klagar over at færre brukarar nyttar dette beitet, tilsyn og sanking vert av denne grunn vanskelegare og dårlegare.

Midlane til organisert beitebruk er lagt til kommunen og vi ser av bruken av midlane at det er ein aukande interesse for sambeiting mellom fleire brukarar heime nær garden. Kommunane har i stor grad stimulert til slike tiltak gjennom auka bruk av SMIL-midlane til inngjerding av slike sambeitetiltak.

### *Miljøprogram og miljøplan*

Hordaland fylke var i 2004 eit av dei to pilotfylka i Noreg som starta arbeidet med utforming av Regionalt miljøprogram. I jordbruksoppgjøret 2005-2006 vart vi løyvd 16.3 millionar til fordeling til programmet. Ved søknadsomgangen blei det fordelt 15.7 millionar, resten av løyvinga er sett av til manuelle utbetalingar eller klagar. Løyvinga blei fordelt på resultatområda attgroing og verdifulle kulturlandskap.

Programmet vart justert i 2005 ved at ordninga tilskot til jordarbeiding vart tatt ut av programmet og at det vart etablert ei ny ordning med tilskot til utegangarsau. Bakgrunnen for at ordninga tilskot til jordarbeiding vart tatt ut, er at denne type miljøtiltak ikkje er tilpassa våre regionale tilhøve. Det meste av fulldyrka areal i fylket er varig eng som ikkje vert pløgd. Det meste av arbeidet med regionalt miljøprogram gjekk til iverksetting av forskrifter og utarbeiding av rettleings- og søknadsmateriell. Vi viser elles til rapport frå 2004 når det gjeld erfaringar frå innføringa av Regionalt miljøprogram.

## **2.7 Informasjonsformidling og forvaltning**

*www.fmho.no*

Fylkesmannens nettstad møter mykje tillit og vert jamt brukt både i media og elles. Om nettstaden er vorte ”*hovedkanalen for informasjon til borgerne, kommuner, næringsliv og media*”, er nok ikkje tilfelle enno. Intranettet vert ein stendig viktigare kanal for intern kommunikasjon i embetet, men det er framleis langt att til denne kanalen er fullt utnytta hjå oss. Ekstranettet fungerer ikkje som ein påliteleg kommunikasjonskanal mellom embeta, faggruppene og departement/direktorat, slik det er føresett i tildelingsbrevet frå Moderniseringsdepartementet.

Fylkesmennes nettstader vart vurderte blant dei fremste offentlege nettstadene i Noreg også i 2005. Dette gjeld først og fremst utvikling av dei tekniske løysingane, tilgjenge og brukartilpassing. Også når det gjeld innhald, har vi lagt vekt på kvalitetsheving gjennom betre elektroniske tenester, meir hordalandsrelevant stoff, betre språk og systematisk oppdatering. I

alt hadde vi 427 oppslag på hovudsida dette året, og alle fagområda var representerte.

I løpet av 2005 har elektronisk påmelding til kurs og offentlig deltakarliste vorte standard for alle kurs og større møte. På nyåret sikra vi automatisk svar på e-post til postmottak. Abonnement på nyhende vart tilgjengeleg på våren, og ved utgangen av året hadde vi 300 abonnentar. Tilbod om eiga kartteneste kom på forsommaren. På hausten tilbød vi skjemateneste på nett, og på slutten av året starta vi arbeidet med ofte stilte spørsmål. Av andre nyutvikla elektroniske tenester kan vi nemne val av turnusplass for legar. Tilsynsrapportane frå alle lovområda vert no publiserte i tilsynskatalogen på internett.

### *Geografiske informasjonssystem (GIS)*

Bruk av geografiske informasjonssystem (GIS) har i 2005 framleis fokusert sterkt på tilretteleggings- og brukarstøtte i samband med bruk av lokale innsynsløysingar som vedtaksgrunnlag i saksbehandlninga. Det har vore gjennomført fleire større prosjekt der bruk av geografiske informasjonssystem har vore eit sentralt verktøy. Det gjeld til dømes kartlegging av vasskvalitet etter EU-direktivet, utarbeiding av rettleiar for samfunnstryggleik og arealplanlegging på Vestlandet og kartlegginga av landbrukets kjerneareal, som vil halde fram i 2006.

Deltakinga i Noreg Digitalt har gitt tilgang til mange nye datasett og vi har i samarbeid med dei andre regionale partane starta arbeidet med korleis Noreg Digitalt skal fundamentast i Hordaland. Fylkesmannen vil i lag med Statens kartverk og Hordaland fylkeskommune vere ein pådrivar i dette arbeidet. Ei viktig målsetjing i Noreg Digitalt har vore å synleggjere geografiske data for innbyggjarane. Som del av dette har Fylkesmannen delteke i interkommunale prosjekt i Nordhordland og Bergen med omland der det no er på plass internettløysingar av høg kvalitet og med stort potensiale

Kartsamarbeidet Geovekst starta opp heildekkjande kartlegging i Fusa og Jondal. Dermed ser vi no ferdigstilling av første generasjons digitale kart for Hordaland. Ortofoto (flyfoto) er etablert for midtre delar av fylket. I tillegg er planane på plass for ferdigstilling av ortofoto for dei siste seks kommunane i fylket.

## **2.8 Innovasjon og verdiskaping**

### *Næringsutvikling knytt til ressursar på garden*

Fylkesmannen fikk frå 2005 ansvaret for å fordele dei bedriftsretta midlane frå Landbruks- og matdepartementet til Innovasjon Noreg. I den samanheng blei det utarbeidd ein regional strategi som skal ligge til grunn for det regionale arbeidet med landbruksrealtert næringsutvikling generelt og for forvaltning av dei fylkesvise BU-midlane spesielt. Strategien skal evaluerast og reviderast i løpet av januar 2006. I 2004 blei det inngått ein samarbeidsavtale mellom Fylkesmannen og Innovasjon Noreg for å sikre dialogen.

Kompetanse har vore eit prioritert område som det blir lagt mykje ressursar i. Det blei starta eit pilotarbeid innanfor opplæring og etterutdanning på matområdet og eit kompetansehevingskurs om kjøt. Målgruppa der er primærprodusentar, tilsette i næringsmiddelindustrien, butikkpersonale, personale på serverings- og overnattingsstader og forbrukarar. Sentrale stikkord er entreprenørskap og kulturbasert regional utvikling på eit område der jordbruk og kjøtproduksjon har spelt og framleis spelar ei nøkkelrolle. Programmet vil gje 15 studiepoeng



og studieplanen er godkjend av Høgskolen i Bergen. Realkompetansevurderingar vil bli gitt til kvar enkelt deltakar. Programmet er eit samarbeid mellom Vestnorsk kulturakademi, Voss jordbruksskule, Fylkesmannen, Navet i Aurland og Høgskolen i Bergen.

Det blei også dette året satsa på kompetanseoppbygging for næringsutvikling gjennom prosjektet Entreprenørskap - Grundergrupper, kompetanseheving i Småskala reiseliv og småskala matprodusentar.

I 2005 gjennomførte vi Bulystkonferansen i Eidfjord. Det var eit samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Konferansen var òg knytt til prosjektet "Kvinner og menn i distrikta – liv og virke". Samarbeidet med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal gjennom prosjekt "Kvinner og menn i distrikta – liv og virke" farga konferansen. Dette prosjekt blei avslutta i 2005. Det siste tiltaket var ein studietur til Sverige for kommunale og friviljuge eldsjeler i dei tre fylka.

Prosjekt Trivselsgrenda er no formelt avslutta, men nettverket av grender lever vidare. I juni 2005 arrangerte vi det årlege nettverksmøtet på Bolstad.

Prosjektet Kortreist mat-skule er ein del av landbrukets hundreårsmarkering, der 11 skular i Hordaland fekk tilskot. Eksingedalen skule og barnehage vart kåra som beste Kortreist mat-skule i fylket. Skulen gjekk vidare til landsfinalen i Landbruks- og matdepartementet og fekk andreplassen i konkurranse med 128 andre skular i landet.

Grønt i skulen er eit samarbeidsprosjekt mellom landbruk, helse og skulesektoren. Målet er utvikle sunne matvanar og større forståing hos barn og unge for korleis maten blir produsert. Mottoet er Kvar skule sin gard og 17 skular tek del i samarbeid med lokale gardbrukarar. Hordaland var eitt av to pilotfylke i 2005, og vi søker om vidareføring for neste skuleår.

Også i 2005 blei det arrangert ein stor og vellukka matfestival på Bryggen over tre dagar. I samband med hundreårsmarkeringa blei det også gjennomført eit matstreif i Oslo der utstillarar frå alle fylka var med. Hordaland var til stades med ei gruppe på ni.

Tett kontakt mot ulike miljø i Bergen by har blitt prioritert gjennom året. Ambisjonsnivået er høgt for Trebyen Bergen, og eit tett samarbeid med andre trebyar er sett i system. Konferansen for arkitektane i Bergen blei gjennomført med stor deltaking. Utviklingsprosessar knytt mot auka foredlingsgrad av tømmerstokken er starta opp i samarbeid med Granvin bruk.

Etterspurnaden etter midlar til skogsvegbygging har vore høg. Det motsette er tilfelle på skogkultursida. Avdelinga har fått i oppdrag og ta del i Stortinget si bestilling om auka avverking og verdiskaping på skogområdet. Hogst og skjøtsel av skog langs veg for betring av utsikt og ønskje om framtidig kvalitetsproduksjon av tømmer er og eit aktuelt arbeidsområde.

Vi har gjennom året arbeidd aktivt med å bevisstgjere grunneigarane om kva kraftressursar dei sit på. Breie folkemøte og synfaringar er gjennomførte. Bygdeutviklingsarbeidet i Hordaland vart evaluert i 2005. Rökkansenteret er bedt om å greie ut om innsatsen på dette området dei ti siste åra, og det er laga ein rapport frå dette arbeidet.

Sjå også kapittel 2.2

## **2.9 Samfunnstryggleik og beredskap**

Etterspelet etter giardiaepidemien og tsunamien i 2004, terroren i London sommaren 2005 og to ekstremvêrsituasjonar med tap av menneskeliv har prega beredskapsarbeidet dette året. Fylkesberedskapsrådet spelar ei viktig samordningsrolle, og terskelen for å involvere Fylkesmannen i krisesituasjonar har blitt lågare. I tillegg til handtering av dei faktiske krisesituasjonane, har det vore gjennomført fleire øvingar, og vi har sett i gong arbeidet med revisjon av kriseplanen vår. Fylkesmannen deltok aktivt i Hordaland fylkeskommunes pilotprosjekt om risiko- og sårbarheitsanalyse for transportberedskapen.

Gjennom utarbeiding av FylkesROS Hordaland 2004 har Fylkesmannen skaffa seg ein god oversikt over risiko og sårbarheit i fylket. Dette dokumentet vil vere Fylkesmannen sitt viktigaste verktøy for å arbeide systematisk med førebygging og krisehandtering i fylket.

I forhold til kommunane arbeider Fylkesmannen hovudsakleg gjennom rettleiing, øvingar og tilsyn. Fylkesmannen har i løpet av året gjennomført tilsyn med beredskapsarbeidet i åtte kommunar. I ein 14-dagars periode i februar vart ”Øving Hordaland 2005” gjennomført. Øvinga var ei skrivebordsøving som involverte alle kommunane i fylket. I desember vart varslingsøvinga ”Øving Lyneld” halde. Som høyringsinstans legg Fylkesmannen vekt på å sikre risiko- og sårbarheitsomsyn i planlegginga, og det har vore naudsynt å rette fleire motsegner mot kommunale arealplanar.

For å styrke evna til å handtere krise- og katastrofesituasjonar deltok Fylkesmannen i Hordaland i ei samhandlingsøving saman med Bergenhus heimevernsdistrikt 09, Hordaland politidistrikt, Bergen kommune, Bergen og Omland Hamnevesen, Hordaland sivilforsvarsdistrikt, Haakonsværn orlogsstasjon og Kysteskadren. Øvinga vart gjennomført i perioden 16. – 18. november. Scenariet tok utgangspunkt i ein reell terrorsituasjon i fylket som utvikla seg over tid.

Det faste årlege møtet i fylkesberedskapsrådet hadde helseberedskap, atomberedskap og Bergen kommune si handtering av tsunamien og giardiautbrotet som hovudtema. Møtet vart av den grunn kombinert med møte for atomberedskapsutvalet.

## **2.10 Internasjonalt engasjement**

Våren 2005 la statsråd Kristin Clemet fram *St.meld. nr. 27 (2004-2005) Om opplæringa innanfor kriminalomsorgen* med mange forslag til forbetringar av opplæringa for innsette i norske fengsel. Fylkesmannen i Hordaland leiar ei arbeidsgruppe som skal lage plan for oppfølging av Stortingsmeldinga. Meldinga er sett om til engelsk og send til alle utdannings- og justisdepartement i Europa. Rapporten *Å lære bak murene* er omsett til engelsk og send aktuelle samarbeidspartnarar i Europa.

Kystsoneprojektet, i regi av Miljøverndepartement i Indonesia og Norad, held fram. Prosjektet skal bidra til sikre ei forvaltning som betre er i stand til å ivareta biologisk mangfald på distriktsnivå i øygruppene Batam, Rempang, Galang og Bintan. Utkast til Strategic Action Plan for forvaltninga er utarbeidd for øygruppene og planen skal vere ferdig i løpet av våren 2006. Pilotprosjekt er foreslått i kvar øygruppe.

## KAPITTEL 3 – RESULTATOMRÅDA

### 3.1 BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET

#### **Resultatområde 44**                    **Familievern**

Fylkesmannen har vore på tilsynsbesøk i tre av familievernkontora i Hordaland: Fana og Odda familievernkontor og familievernkontoret for Fjell, Sund og Øygarden. Kirkens familievernkontor Biskopshavn, Bjørgvin familierådgivningskontor og Familievernkontoret på Stord får besøk i januar 2006. Tilsynet har sett fokus på personalsituasjonen, klagar, samarbeidet med Bufetat, samarbeidet med barnevernstenestene, utoveretta verksemd, vidareutdanning og deltaking på kurs og kapasitet og ventetid for mekling og familierapi. Fylkesmannen har ikkje funne avvik eller grunnlag for å gje merknader. Fylkesmannen sitt generelle inntrykk er at kontora er veldrivne og at kompetansen er høg. Stor etterspurnad etter rådgjevingstenester har gitt kapasitetsproblem, som igjen har medført at ventetida er fem månader.

#### **Resultatområde 45.1**                    **Tilsyn barnevernsinstitusjonar**

Individtilsyn i barnevernsinstitusjonar: måloppnåing 85 % av resultatkrav - 22 institusjonar med 49 tiltak skulle hatt 119 besøk. Vi har gjennomført 101 besøk. Det er gjennomført systemrevisjon ved ti av 22 barnevernsinstitusjonar og landsomfattande tilsyn i kommunane Odda, og Bømlo og i Årstad bydel i Bergen. Vi har i tillegg gjennomført ein systemrevisjon ekstra i Kvinnherad etter oppmoding frå departementet. (sjå helse)

#### **Resultatområde 45.3**                    **Kompetansetiltak/informasjonsverksemd**

Embetet har ikkje motteke midlar frå departementet for 2005 på kap./post 854.21 til informasjonsverksemd.

#### **Resultatområde 47**                    **Gjeldsrådgiving**

Aktiviteten på området gjeldsrådgjeving 2005 ber preg av at dette er eit satsingsområde frå Sosial- og helsedirektoratet si side. Det er gjennomført fem møte i operativ arbeidsgruppe økonomisk rådgjeving (OAØ) i regi av Sosial- og helsedirektoratet og seks møte i kompetansegruppa som er oppretta av OAØ. Fylkesmannen har i tillegg til samarbeid med andre fylke arrangert eigne grunnkurs i Hordaland og Vest-Agder, og vidaregåande kurs i Vest-Agder. Samarbeidsforum for økonomiske rådgjevarar i Hordaland i regi av fylkesmannen har hatt fire møte.

#### **Resultatområde 48**                    **Likestilling**

Prosjekt - Kvinner og menn i distrikta - er no avslutta

Ideane til eit prosjekt om distriktskvinner sitt liv og virke med utgangspunkt i fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har teke form gjennom ein lang prosess. Initiativet kan sporast tilbake til 1996, og sjølve prosjektet er gjennomført i 2 fasar; ein frå 1999-2000 (fase I), og ein i frå 2001-2005 (Fase II).

Til grunn for prosjektet låg at ein såg trong for ein heilskapleg strategi for kvinnesatsinga i landbruksforvaltninga. Landbruket i dei tre fylka har mange likskapstrekk, og utfordringane framover var i stor grad samanfallande, og difor blei det satsa på eit Vestlandsprosjekt mellom

dei tre fylka. Det blei gjeven støtte frå nasjonalt hold gjennom Landbruks- og matdepartementet, kommunal- og regionaldepartementet og fiskeridirektoratet. Dei tre fylka bidrog og til finansieringa gjennom fylkeskommunen, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen i dei tre fylka. Rapporten ligg no føre på nett og i skriftleg form. For likestilling internt på embetet – sjå kapittel 1.

## **3.2 HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET (ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENTET)**

### **Resultatområde 71 Folkehelsearbeid**

#### **Resultatområde 71.1 Folkehelsearbeid generelt**

Fylkesmannen har i 2005 arbeidd målretta for å samordne statlege innsatsområde som gjeld barn og unges oppvekstmiljø innan miljø, helse, utdanning, landbruk og beredskap. Resultatet av denne tilnæringsmåten har vore særleg synleg gjennom konferansar, møte og innspel til kommunane, ikkje minst i arealplansaker der barnehage/skule, uteareal, grønstruktur, friluftsliv og fysisk aktivitet har vore sentrale tema. Ei spørjeundersøking om barnerepresentantordninga viste at krav i gjeldande lov og rikspolitiske retningsliner for barn og unge ikkje vert fylgde opp på ein god nok måte i mange kommunar.

Helsekonsekvensar i planarbeidet, universell utforming av bygningar og uteområde, produkt og tenester, ulikskap i helse og som nemnt oppvekstvilkåra til barn og unge har stått i fokus for Fylkesmannens arbeid dette året. Heller ikkje i 2005 fekk vi etablert Hordaland som partnerskapsfylke, men folkehelse fekk eit lite kapittel i den nye fylkesplanen og diskusjonane med fylkeskommunen held fram.

#### *Regionale konferansar om barn og unge*

I meldingsåret vart det gjennomført fire tverrfaglege og tverretatlege regionale konferansar om barn og oppvekst. Målet var å medverke til utvikling av tiltak for å redusere sosiale helseskilnader, sikre at barns rettar vert ivaretekne i planarbeid og spreie erfaringar frå dei mange lokale prosjekta i fylket. I formidlinga av statlege tilskot til lokalt folkehelsearbeid har Fylkesmannen prioritert tiltak for barn og unge på dei områda der dette har vore mogeleg. Satsing på barns oppvekstvilkår vert vidareført i 2006.

#### *Universell utforming*

Fylkesmannen har deltatt i utarbeiding av ein fylkesdelplan som tek utgangspunkt i strategien om universell utforming. Målet er å finne brukande løysingar slik at personar med nedsett funksjonsevne kan vere aktive samfunnsdeltakarar. Planen vert retningsgjevande for kommunane sitt arbeid på dette området.

#### *Kartlegging av grøn resept og anna folkehelsearbeid*

Eit forsøk på kartlegging av aktuelle lokale tiltak for oppfølging av pasientar som fekk grøn resept frå legen sin resulterte i svar frå ein kommune. Ei kartlegging av lokalt folkehelsearbeid i kommunane seinare på hausten førte i første omgang til svar frå sju kommunar.

#### *Rett tiltak til rett tid*

Den overordna målsettinga for dette prosjektet er å førebyggje psykisk sjukdom. Prosjektet starta i 2004 og byggjer på konkrete erfaringar og kunnskap om nytten av å oppdage tidlege teikn på psykiske problem eller sjukdom. Det vert gjennomført ei prosess- og effektevaluering, og sluttrapporten vil liggje føre i løpet av første halvår 2006. Det er venta at Helse Bergen og Regionsenteret for barn og unges psykiske helse vidarefører prosjektet.

## **Resultatområde 71.2 Miljøretta helsevern**

Miljøretta helsevern har vore tema på fleire konferansar for kommunane i samband med barn og unges oppvekstmiljø. Kommunane er enno ikkje ferdige med å godkjenne skular og barnehagar, og det er ikkje alle kommunane som prioriterer tilsynet på dette området like høgt. Fylkesmannen har behandla to klagesaker som gjeld miljøretta helsevern.

## **Resultatområde 71.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk**

I inneverande skuleår er 22 skular frå åtte kommunar med i prosjektet Fysisk aktivitet og måltid i skulen i Hordaland. Dette er seks fleire skular enn i fjor, og fem er reine ungdomsskular. Ingen vidaregåande skular i Hordaland melde seg på, sjølv om ordninga no er utvida til å gjelde dei og. Trass i fleire deltakarar har ikkje løyvingane til prosjektet frå Utdanningsdirektoratet auka, men Fylkesmannen i Hordaland har prioritert å skyte inn ekstra tilskot til prosjektet frå andre tilskotspostar. Det har vore arrangert to nettverkssamlingar i 2005 med god deltaking og stort engasjement. I valet av skular la Fylkesmannen særleg vekt på at prosjektplanane omfatta tiltak for alle og at kommunane aktivt stod bak skulane si satsing. Prosjektet vart presentert for alle kommunane på dei regionale konferansane om barn og ungdom.

### *Skulefruktabonnement på frammarsj*

135 skular (43 %) er med på skulefruktordninga i Hordaland. Berre Møre og Romsdal og Buskerud har høgare deltaking enn Hordaland. Til saman var det 60 000 elevar i heile landet som deltok sist skuleår.

### *Færre nye klassar på Ver røykfri*

Berre 53 % av åttandeklassane i Hordaland har meldt seg på Ver røykfri for skuleåret 2005 – 2006. Dette er 4 % færre enn i fjor. På heile ungdomsskulesteget er det 61 % deltaking. Mange lærarar synst og at programmet er for ressurskrevjande. Det vil difor bli vurdert å avgrense programmet noko.

Som i 2004 var det liten etterspurnad etter røykesluttkurs i 2005. På Verdens røykfrie dag 31.mai gjennomførte Fylkesmannen kurs i røykeavvenning for personell som arbeider i kommunehelsetenesta og i bedriftshelsetenesta med sikte på at dette skal vere ein del av det ordinære sjukdomsførebyggjande arbeidet i framtida.

## **Resultatområde 71.5 Førebygging av uønskte svangerskap og abort**

Talet på tenåringar som tek abort har gått ned både i Hordaland og i resten av landet. Slik har det vore i alle dei 25 åra med sjølvbestemt abort. Hordaland har heile tida lege under landsgjennomsnittet. I aldersgruppa 20 – 29 år er aborttala konstante. Lett tilgang på og rett bruk av prevensjon, reseptfri naudprevensjon, gratis p-piller, lett tilgjengelege tenester og god rettleiing er dei viktigaste tiltaka for å redusere talet på uønskte svangerskap. Tenåringsjenter frå 16 – 19 år har sidan 1. januar 2002 fått gratis p-piller. Norske gynekologar går inn for at same ordninga skal gjelde kvinner 20 – 24 år.

Fylkesmannen skipa til kurs for skulelevar, lærarar og skulehelseteneste i vidaregåande skule i januar 2005 som oppfølging av handlingsplanane mot hiv og seksuelt overførte infeksjonar, uønskte svangerskap og abort.

## **Resultatområde 72**

## **Primærhelseteneste**

### **Resultatområde 72.1 Fastlegeordninga og allmennlegetenesta**

Mange kommunar slit med å få legar til å ta på seg samfunnsmedisinske oppgåver som å gje faglege råd til kommunen i plansaker, i planlegging av helsetenester, i beredskapsarbeid og andre saker der det skal takast helsefaglege omsyn. Stillingane for kommunelege I er små, og dei fleste kjenner seg einsame i denne rolla. Fylkesmannen skipa også i år til seminar for legar i samfunnsmedisinske stillingar. Tema på møtet var mellom anna smittevern med utgangspunkt i giardiaepidemien i Bergen og legionellaepidemien i Østfold, Opptappingsplanen for psykisk helse og styrking av det samfunnsmedisinske arbeidet.

Ingen kommunar søkte om dispensasjon frå fastlegeordninga i 2005. Sjølv om legedekninga har vorte betre, er det fleire kommunar som har problem med å tilsette faste legar og må nytte vikarlegar frå naboland. Manglande språkkunnskap og mangel på kontinuitet i forholdet mellom lege og pasient er problem som følgjer av dette. Det går mest ut over pasientar med kroniske sjukdomar og andre som treng oppfølging over tid, men det kan og skape problem for samarbeidet med andre i og utanfor kommunen. Fastlegane deltek lite i arbeidet med individuell plan. Dei vert heller ikkje rekna med og etterspurde som samarbeidspartnarar, og legane sjølve tek ikkje alltid det ansvaret som ligg til fastlegen i dette arbeidet.

Akutthjelp og gode legetenester døgnet rundt er ein viktig del av den tryggleiken kommunane skal tilby innbyggjarar. I periodar har det vore vanskeleg å få dekt alle legevaktene i nokre kommunar. Fleire kommunar har gått saman om å etablere legevaktsordningar og dermed gjort det enklare for mindre kommunar å ha ei stabil legevaktteneste. I 2005 vart det ført tilsyn med legevakttenestene i kommunane Samnanger og Os. I begge kommunane var innbyggjarane sikra tilgang til lege heile døgnet, men i Os var legevaktordninga sårbar og bygde i stor grad på bruk av innleigde, utanlandske legar. På legevaktsentralen, som og har andre oppgåver, oppsto det konflikstar i prioritering mellom legevaktsentralen og pasientbehandling.

### **Resultatområde 72.3 Helseteneste til innsette i fengsel**

I vår kontakt med fengselshelsetenesta er det ikkje noko som tyder på at innsette ikkje får dei helsetenestene dei treng. Vi har behandla fleire klagar, men etter vår vurdering har også dei som klaga, fått forsvarlege helsetenester.

### **Resultatområde 72.4 Helsetenestetilbod til asylsøkjjarar og flyktingar**

I samarbeid med UDI Regionkontor Vest, Psykososialt team for flyktingar på Vestlandet og Sosial- og helsedirektoratet gjennomførte helseavdelinga seminaret "Sektorsamarbeid for bedre psykisk helse blant beboere i mottak." 8.- 9. juni 2005. Målgruppe for seminaret var leiarar, personell som arbeider i mottak og helsepersonell i kommunane.

### **Resultatområde 72.6 Helsestasjons- og skulehelsetenesta**

Ny rettleiar for svangerskapsomsorga vart gjennomgått på eit eige seminar for legar og jordmødrer.

### **Resultatområde 72.10 Smittevern**

**MRSA** (methicillinresistente stafylokokkus aureus) eller motstandsdyktige gule stafylokokkar er på full fart inn i den norske helsetenesta. Vi har grunn til å tru at det er sjukeheimspasientar som i størst grad vil bli ramma av infeksjonen. Fordi infeksjonen ikkje let seg stoppe av antibiotika og er spesielt farleg for pasientar med svakt immunforsvar, er det viktig med ein

godt innarbeidd infeksjonskontroll. Ikkje alle sjukeheimar har det. Kommunar og helseføretak må og vere merksame på at pasientar kan vere smitta etter opphald ved sjukehus i andre land, til dømes Spania.

Fleire sjukeheimar har hatt pasientar med langvarig smitteførande MRSA. Langvarig isolering er ei stor belastning både for pasient og personale. Det fører til restriksjonar for besøkande og får konsekvensar for personell som arbeider i fleire institusjonar og dermed risikerer å overføre smitte frå ein institusjon til ein annan.

#### *Klamydia*

Avdeling for mikrobiologi og immunologi ved Haukeland universitetssjukehus undersøkte i 2005 22 933 prøver på klamydia, mot 22 829 i 2004. Prosentdelen positive prøver steig frå 6,9 til 8,5. Sjølv om noko kjem av endra prosedyrar for prøvetaking, er det likevel truleg ein reell auke i førekomsten av klamydia i Hordaland. Auken er størst for dei under 24 år og særleg i aldersgruppa 15-19 år.

#### *HIV/Aids*

Det vart registrert ti nye hiv-positive og eitt nytt tilfelle av aids i 2005. Til no har 219 personar i Hordaland vorte smitta av hiv. 51 av dei har utvikla aids og 38 er døde. For heile landet er det registrert 3 202 tilfelle av hiv-smitte sidan byrjinga på åttitalet.

#### *Smittevernkonferansar*

Det er ikkje gjennomført eigen smittevernkonferanse i Hordaland i 2005, men smittevern har vore tema på fleire kurs, seminar og konferansar i løpet av året. Av særlege tema kan vi nemne legionellautbrotet i Østfold, giardiaepidemien i Bergensområdet, MRSA i sjukeheimar og seksuelt overførte infeksjonar blant ungdom. Vi viser til nærare orientering i brev til Sosial- og helsedirektoratet av 13. april 2005.

### **Resultatområde 73                      Sosialteneste**

#### **Resultatområde 73.1                      Lov om sosiale tenester**

Fylkesmannen handsama 588 klager etter sosialtenestelova i 2005. Talet på klagesaker har dei siste åra lege stabilt på om lag 600 i året. Dei fleste klagen, 77%, gjeld økonomisk sosialhjelp. I tillegg galdt 20 % av klagen sosiale tenester som omsorgsløn, heimehjelp o.l., støttekontakt og avlastning. Dei siste 3 % av klagen galdt andre område som t.d. tiltak for rusmisbrukarar.

Dei fleste klagesakene var frå Bergen kommune, som i alt hadde 58 prosent av sakene, medan åtte kommunar i Hordaland ikkje hadde nokon sosiale klagesaker i 2005.

I gjennomsnitt tok det litt meir enn to månader, dvs 66 dagar, frå klagen kom inn hjå Fylkesmannen til avgjerd gjekk ut. I 41 % av sakane var sakshandsamingstida mindre enn to månader.

74% av dei kommunale vedtaka vart stadfesta, medan 26% av klagen vart tekne til følgje

#### **Resultatområde 73.3                      Kompetanseutvikling og formidlingstiltak – generelt**

#### **Resultatområde 73.4                      Kompetanseutvikling i sosialtenesta**

For å tilretteleggje arbeidet med kompetanseutvikling – og formidlingstiltaka i sosialtenesta, har Fylkesmannen etablert eit godt samarbeide med Husbanken, Trygdeetat, Aetat, Stiftelsen Bergensklinikkene ved Kompetansesenteret for rusmiddelspørsmål, samt KS Hordaland.



Fylkesmannen hentar også inn råd frå ei mindre gruppe av sosialleiarar i tilrettelegginga av tiltaka. Vidare følgjer ei summarisk gjennomgang av dei ulike tiltaka:

### *1. Fagleg rettleiing*

Rettleiarbanken som blei etablert i samband med Kunnskap og brubygging er under ajourføring. Om lag 70 godkjente FO-godkjende rettleiarar er registrert i banken. Rettleiarbanken er lagt ut på Fylkesmannen si heimeside på internett.

Det har også i 2005 blitt gjennomført ein fagdag for rettleiarane som står tilmeldt banken.

### *2. Tildeling av pengar til faglege fora og kompetanseutvikling*

I Hordaland blei det etablert fire faglege fora i samband med handlingsplanen "Kunnskap og brubygging". Tre av desse fora er i aktivitet, og Fylkesmannen har i 2005 tildelt stimuleringspengar til faglege fora, samt til Bergen kommune sitt sosialsjefsforum. Pengane som er tildelt er m.a. knytt opp til faglege fora sitt arbeide med ulike rusrelaterte tema, tverretatleg samarbeid, o.a.

### *3. Samling for sosialleiarane i september månad*

Til saman 34 sosialleiarar deltok på denne to dagars samlinga som var lagt til M/S Fjord Norway. Tema for samlinga var NAV(Ny arbeids – og velferdsforvaltning), samt eit tema knytt til leiarrolla.

## **Resultatområde 74.1            Tiltaksplan mot fattigdom**

### *1. Bustadsosialt arbeid*

I samarbeid med Husbanken har Fylkesmannen gjennomført to nettverkssamlingar med kommunane som er ytt prosjektmidlar frå Sosial- og helsedirektoratet. På samlingane har det vore arbeid med dei ulike resultatmåla i den nasjonale strategien "På veg til eigen bustad". Stiftelsen Bergensklinikkane, ved Kompetansesenteret for rus har vore trekt litt med i samarbeidet på det bustadsosiale området, og har stilt med innleiar til den eine nettverkssamlinga

Den 8. desember samarbeidde òg Fylkesmannen og Husbanken omkring ein dagskonferanse med fokus på det bustadsosiale arbeidet og den nasjonale strategien. Det var 90 deltakarar på konferansen.

Kommunar som har fått tilskot til bustadsosiale prosjekt:

<b>Kommune</b>	<b>Tilskot 2005</b>
Bergen	3 210 000 kr
Kvinnherad	800 000 kr
Lindås	666 000 kr
Stord	505 000 kr
Odda	500 000 kr
Meland	400 000 kr
Os	388 000 kr
Askøy	210 000 kr
Fjell	10 000 kr
<b>I alt</b>	<b>6 689 000 kr</b>

## *2. KIS- Kartlegging i sosialtenesta*

KIS er eit kartleggingsverktøy der arbeidsevna til brukarane av sosialtenesta vert kartlagt. Fylkesmannen har gjennom ei undersøking hausten 2005 funne at der er fire kommunar i Hordaland som har teke KIS i bruk, og at Bergen kommune er ein av desse kommunane. Seksten kommunar seier at dei enno ikkje har teke KIS i bruk, men at dei har ønskje om å ta verktøyet i bruk. Ein del mindre kommunar melder tilbake at KIS ikkje er eit aktuelt verktøy idet kommunen har oversikt over, og kjennskap til brukarane si arbeidsevne.

På grunnlag av undersøkinga hausten 2005 har Fylkesmannen invitert til ei to dagars samling der KIS vert sett på dagsorden. Samlinga blir halden medio januar 2006, og det er 120 deltakar frå Hordaland som har meldt seg på, og dei fleste kommunane som har meldt at dei ønskjer å ta KIS i bruk vil delta.

### **Resultatområde 75                      Specialisthelsetenesta**

#### **Resultatområde 75.3                      Lov om transplantasjon**

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje motteke søknader om godkjenning av transplantasjon for personar som er under 18 år eller som manglar evne til å gi eige samtykke.

#### **Resultatområde 75.4                      Fritak for forvaltningsmessig teieplikt**

Fylkesmannen har fått ein søknad om fritak frå forvaltningsmessig teieplikt. Saka kom inn 18. desember og vart ikkje behandla i meldingsåret.

#### **Resultatområde 75.6                      Særfrådrag**

Fylkesmannen har gjort vedtak i 42 saker som gjeld særfrådrag i skatt for utgifter til behandling utanom den offentlege helsetenesta.

#### **Resultatområde 75.8                      Pasientjournalar**

Fylkesmannen har ikkje fått pasientjournalar til oppbevaring i 2005.

### **Resultatområde 76 Utviklingsoppgåver**

#### **Resultatområde 76.1 Pleie- og omsorgstenester**

Det er gjennomført regionale møte om internkontroll for einingsleiarar i sosial- og helsetenestene i kommunane. Kvalitet og innhald i tenestene vert viktige tema i 2006. Kommunane bør verte betre til å definere kvalitetsmål for tenestetilbodet og evaluere om det dei leverer av tenester dekkjer behova og samsvarar med lovkrav og eigne målsetjingar.

#### *Grunn til uro for dei mest hjelpetrengjande eldre*

Fleire tiltaksplanar dei siste åra har hatt som mål å styrkje eldreomsorga. Nye sjukeheimar er bygde og andre er rehabiliterte. Det er bygd mange nye omsorgsbustader og heimetenestene er styrkte, men nesten 30 % av dei sjukeheimplassane som var planlagde i samband med handlingsplanen for eldreomsorga, er utsette til 2006 eller 2007. Det er etablert nye, særskilt tilrettelagde tenester til demente.

Framleis er meir enn 20 % av dei tilsette i omsorgstenestene ufaglærte, medan målet er kome ned på 10 %. Verst på dette området er situasjonen i Bergen. Det vart løyvt sju millionar kroner i tilskot til kompetanseheving og rekrutteringstiltak i 2005.

Alle kommunane har både omsorgsbustader og sjukeheimar, men færre bur på institusjon enn før. Det vert fleire gamle utan at talet på sjukeheims plassar veks tilsvarande. Både ved tilsyn og i klagesaker har vi det siste året sett at terskelen for å tildele sjukeheims plass er vorte markert høgare og at søkjarar med stort behov for plass, får avslag. Klagane tyder på at det har vorte vanskelegare å få sjukeheims plass. Tidlegare har ikkje Helsetilsynet funne grunn til å gje klagarane medhald, men i 2005 fekk fire av 27 medhald. Talet på slike klagar steig frå seks i 2003 til 22 i 2004 og 27 i 2005. Det er få som klagar på at dei ikkje får individuell plan eller på omfanget av heimesjukepleie.

Sjølv om kapasiteten er knapp for mange, er det dei sjukaste gamle det er grunn til å vere mest uroa for. Ein omsorgsbustad med heildøgns omsorg og pleie er ikkje det same som ein langtids plass i sjukeheim. Likevel er det fleire kommunar som vil gjere om sjukeheimar til omsorgsbustader. Grunngevinga for dette er økonomisk. Det er vanskeleg å sjå at dette vil føre til noko anna enn at tilbodet og rettstryggleiken til dei gamle vert dårlegare.

### **Resultatområde 76.1.2 Saksbehandling i helse- (og sosial)tenesta**

Ut frå klagesaker som er mottekne siste året, er saksbehandlingstida i kommunane ofte lang. Lang tid før søkjarar får svar på søknader er urovekkande, særleg ettersom mange har omfattande behov for tenester og treng hjelp raskt. I ein del saker er utgreiinga av behov for tenester mangelfull og tilsyn har avdekt at mange vedtak ikkje er oppdaterte. Tildelinga av tenester blir såleis mindre føreseieleg og tenestemottakarane veit heller ikkje korleis deira behov for tenester er vurdert.

Fylkesmannen handsama 588 klager etter sosialtenestelova i 2005. Talet på klagesaker har dei siste åra lege stabilt på om lag 600 i året. Dei fleste klagene, 77%, gjeld økonomisk sosialhjelp. I tillegg galdt 20 % av klagene sosiale tenester som omsorgsløn, heimehjelp o.l., støttekontakt og avlastning. Dei siste 3 % av klagene galdt andre område som t.d. tiltak for rusmisbrukarar.

Dei fleste klagesakene var frå Bergen kommune, som i alt hadde 58 prosent av sakene, medan åtte kommunar i Hordaland ikkje hadde nokon sosiale klagesaker i 2005.

I gjennomsnitt tok det litt meir enn to månader, dvs 66 dagar, frå klagen kom inn hjå Fylkesmannen til avgjerd gjekk ut. I 41 % av sakene var sakshandsamingstida mindre enn to månader.

74% av dei kommunale vedtaka vart stadfesta, medan 26% av klagene vart tekne til følge

### **Resultatområde 76.1.4 Unge i alders- og sjukeheim**

I Hordaland har vi i 2005 hatt fokus på 24 personar under 50 år på sjukeheim. Dei 24 personane fordeler seg på ni kommunar i Hordaland, men berre Bergen har meir enn ein person under 50 år på sjukeheim.

Fylkesmannen inviterte dei ni kommunane til møte i mai 2005. På møtet var det semje om at alle unge som ønska å flytta ut av sjukeheim skulle få tilbod om ny bustad, og at dei som ikkje ønskjer å flytte ut skal få tilbod om ein individuell plan for tenestetilbodet. Fylkesmannen har etter møtet i mai følgd opp dei aktuelle kommunane.

Vi har ei utfordring i at Bergen kommune har eit tilrettelagd butilbod/bufellesskap til 15 funksjonshemma i tilbygg til sjukeheim, men med åtskilt drift. Av desse 15 var 11 personar under 50 år. Fylkesmannen har sagt seg samd med Bergen kommune i at vi ikkje kan sjå på dette som ein aldersinstitusjon.

## Resultatområde 76.2 Psykisk helse

### Resultatområde 76.2.6 Forpleiing, kontroll og tilsyn med psykiatriske pasientar


Det vart gjennomført tilsyn med fire vaksenpsykiatriske poliklinikkar og ein akuttpost ved psykiatrisk sjukehus i 2005. Det førte til to merknader og eitt avvik. Det var avvik frå Lov om spesialisthelsetjenesten § 2-2, jf. forskrift om internkontroll i sosial- og helsetjenesten § 3 og § 4a, f og g. Helseføretaket hadde ikkje i tilstrekkeleg grad sikra at pasientar ved poliklinikken fekk nødvendig medisinsk vurdering og oppfølging.

Det er framleis mangel på psykiatrar både i sjukehusa og dei distriktpsykiatriske sentra, og fleire må leige inn korttidsvikarar. Det kan medføre mangel på kontinuitet i behandlinga og at spesialistvurderingar ikkje vert gjorde når det er nødvendig. Fleire verksemdar er i gang med å lage opplegg for meir systematisk utgreiing, behandling og regelmessig evaluering av behandlingssopplegg. Det er enno mykje ugjort på dette feltet. Det same gjeld samarbeid mellom einingar i spesialisthelsetenesta og med kommunale tenester for å sikre samanheng i behandling og oppfølging av pasientane. Samarbeidsavtalar mellom spesialisthelsetenesta og kommunane har verka for kort tid til å vurdere korleis dei fungerer.

### Resultatområde 76.2.7 Opptappingsplan for psykisk helse

*Tenester i eigen bustad er prioritert*

Av tilskotet frå opptappingsplanen for psykisk helse har største auken gått til løn for tenester i eigen bustad (fig.) Om lag 140 fleire stillingar er finansierte av dei øyremerkte midlane i perioden 2001 til 2004. I underkant av 20 % av tilskotet vart brukt på tiltak for barn og unge i 2004. Vel halvparten av dette går til styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta. I 2001 gjekk 13 % av dei øyremerkte midlane til barn og unge. For 2005 var samla tilskot til kommunane i Hordaland på 152 millionar kroner.



Fylkesmannen har vitja om lag to tredjedelar av kommunane og eit tenesteområde i Bergen for å orientere og verte orientert om arbeidet med opptrappingsplanen for psykisk helse. Politisk og administrativ forankring ser ut til å vere avgjerande for kor langt kommunane er komne i dette arbeidet.

Fylkesmannen hadde også samarbeidsmøte med brukarorganisasjonane i 2005. Frå og med 2005 etablerte skriftlege rutinar for utarbeiding av individuell plan eit krav for å få utbetalt øyremerkt tilskot.

#### *200 omsorgsbustader ferdige – 90 nye på gang*

Av dei 351 omsorgsbustadene som kommunane fekk oppstarttilskot til i perioden 2000 - 2004, er om lag 200 ferdige. Nitti bustader er under planlegging eller bygging ved utgangen av 2005. Kommunane vart i 2005 bedne om å kome med oppdaterte opplysningar om behovet for slike bustader, og behovet i Hordaland ser ut til å vere mellom 200 og 250 nye omsorgsbustader fram til 2009. Dette ligg godt over det talet kommunane gav ved ei liknande kartlegging i 2004.

#### *Støtte til vidareutdanning og anna kompetanseheving*

Berre dei som alt var i gang med tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid, fekk økonomisk støtte i 2005. Det vart løyvt 170 000 til ulike lokale tiltak i regi av distriktpsikiatriske senter, kommunar og brukarorganisasjonar. Fylkesmannen har gjennomført to nettverkssamlingar for personell som arbeider med psykisk sjuke i kommunane og i spesialisthelsetenesta og samarbeidde med aetat, trygdeetaten, Bergen kommune og KS om konferansen Arbeidsliv og psykisk helse.

#### *Samarbeid mellom helseføretak og kommunar*

Helse Bergen HF har skrive avtale med kommunane om samarbeidet i vaksenpsykiatrien. Planen er å lage avtalar som skal gjelde barn og unge også. I Helse Fonna HF er det skrive førebels samarbeidsavtale med kommunane om mellom anna faste samarbeidsmøte med kommunane og rutinar ved inn- og utskriving av pasientar.

### **Resultatområde 76.3.2 Rusmiddelarbeid**

1. I samarbeid med Stiftelsen Bergensklinikkene, Kompetansesenteret for rus, har Fylkesmannen invitert kommunane til å søkje om prosjektmidlar til arbeidet med å tilretteleggje for utviklingstiltak i det kommunale rusarbeidet. Sandviken og Sentrum sosialkontor i Bergen er løyvd prosjektmidlar, samt Lindås, Meland, Sund, Granvin og Voss kommunar. Prosjekta er inviterte til å ta del i eit nettverk der Kompetansesenteret saman med Fylkesmannen vil ha ei rådgjevande rolle. Nettverket vil halde fram i 2006.

2. Fylkesmannen har i tillegg løyvd pengar til Bergen kommune sentralt ved Byrådsavdeling for helse – og omsorg, til eit kompetanseutviklingsprogram for det kommunale rusmiddelarbeidet i sosialtenesta i Bergen kommune.

### **Resultatområde 77                      Kvalitet og samhandling**

#### **Resultatområde 77.1                      Samarbeid mellom 1. og 2. linjetenesta**

Rehabiliteringsnettverket i Hordaland omfattar rehabiliteringstenestene i kommunane og verksemder i spesialisthelsetenesta. Alle kommunane i fylket har kontaktperson for rehabilitering. Kommunane blei bedne om å vurdere risiko for svikt i habiliteringstenestene til

barn og setje i verk tiltak når dei fekk oppsummeringsrapport etter kartlegging av tenestene. Habiliteringstenester til barn var hovudtema på det årlege møtet for helsepersonell.

### **Resultatområde 77.2 Ny arbeids- og velferdsforvaltning (NAV)**

NAV Forum Hordaland er etablert med Fylkesmannen, KS, Aetat og trygdeetat. Fylkesmannen har løyvt stimuleringsmidlar til tverretatlege fagkonferansar og tverretatleg samarbeid i kommunane i Nordhordland og til Sandviken, Åsane, Ytrebygda sosialkontor og Årstadprosjektet i Bergen. KS Hordaland og Fylkesmannen har arrangert ein leiarkonferanse for Aetat, trygdeetat og kommunane i Hordaland og har gjennomført to møte med rådgjevingsgruppa for arbeidet med rekrutteringsplanen. I tillegg kom Sosial- og helsedirektoratet sin årskonferanse for rekrutteringsplanen og ein eigen lærar- og rådgjevarkonferanse.

### **Resultatområde 77.3 Individuell plan**

Individuell plan har vore tema på fleire møte og samlingar for helsetenestene. Mange er tilbakehaldne med å ta i bruk dette verktøyet. Tilsyn har og vist at det ikkje alltid er samsvar mellom skriftlege retningsliner og praksis. Det er personavhengig om planar blir ferdige og omsette i praktiske tiltak. Leiarar har ansvar for å sjå til at rutinar er kjende og følgde. Psykiatrisk klinikk, Helse Fonna HF har sett i verk samarbeidsprosjekt om individuelle planar med kommunane.

### **Resultatområde 77.4 Nasjonal strategi for kvalitetsforbetring i sosial- og helsetenesta**

Det er gjennomført regionale møte om internkontroll for einingsleiarar i sosial- og helsetenestene i kommunane. Eit planlagt møte for norhordlandskommunane blei avlyst grunna for lita påmelding. Fylkesmannen vil vurdere å invitere til nytt møte i 2006 og vil dette året auke merksemda på innhald i pleie- og omsorgstenestene. Kommunane bør gi tydelegare uttrykk for kvalitet på tenester dei vil gje innbyggjarane og bli betre til å evaluere om tenestene som blir leverte, dekkjer behov og samsvarar med lovkrav og eigne mål.

### **Resultatområde 77.5 Rekruttering for betre kvalitet - rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell**

Kommunenenes sentralforbund har ein eigen fylkespatrolje som vitjar alle avgangselevane på ungdomsskulane i Hordaland med informasjon om hjelpepleiar- og omsorgsarbeidarutdanninga for å stimulere fleire til å velje helse- og sosialfag.

### **3.3 JUSTISDEPARTEMENTET**

#### **Resultatområde 51.2 Verjemål**

Fylkesmannen handsama 20 slike saker i 2005. I tillegg har vi desidert 17 overformynderi / hjelpeverjerekneskap frå 2004. I løpet av året har vi og fått 28 overformynderierekneskap som er under desisjonshandsaming.

#### **Resultatområde 51.5 Tomtefeste**

Fylkesmannen handsama to søknader om innløyising av festetomter i 2005.

#### **Resultatområde 53 Regional samordnar innan samfunnstryggleik og beredskap**

##### **Resultatområde 53.1 Samordning**

Fylkesmannen har ei viktig rolle med å samordne ulike forventningar innan samfunnstryggleik og beredskap, noko embetet prøver å prioritere. Embetet har ved fleire høve gjeve orienteringar og føredrag med informasjon om samfunnstryggleik og beredskap.

Det årleg faste møtet i fylkesberedskapsrådet hadde helseberedskap, atomberedskap og Bergen kommune si handtering av tsunamien og giardiasmitte som hovudtema. Møtet vart av den grunn kombinert med møte for atomberedskapsutvalet.

##### **Resultatområde 53.2 Systematisk risikoanalyse**

Overordna FylkesROS for Hordaland vart slutført desember 2004. Distribusjon og presentasjon av analysen har vore prioritert i 2005. Analysen omhandla 6 ulike tema: svikt i energiforsyning, fiskeoppdrett, dyresjukdomar og landbruk, epidemiar og helseberedskap, naturulukker, masseskade og transportulukker samt akutt forureining.

##### **Resultatområde 53.3 Koordinerande rolle**

FylkesROS vert nytta som eit styringsdokument for mellom anna kommunane i samband med oppstart og/eller revisjon av kommunale overordna ros-analysar.

##### **Resultatområde 53.4 Oppfølging av beredskapsførebuingar**

Fylkesmannen har i 2005 motteke om lag 30 varsel og meldingar om ulike krisehendingar og krisesituasjonar. Mange av desse har utløyst vidarevarsling - spesielt til kommunane. Embetet har elles ved fleire høve etablert kriseelement eller krisestab for å fylgje opp meldingane og for å fylgje situasjonen vidare. Vi nemner her terroren i London i juli og uvêr i september og november. Varsel og meldingar har vore fordelt slik: NVE 13, DNMI 5, Statens strålevern 7, andre krisehendingar 3.

##### **Resultatområde 53.5 Bistand til og samarbeid med helsemyndigheiter**

I dei fleste ulukke og kriser er det behov for helsetenester. Beredskapen har blitt prøvd i svært ulike situasjonar som t.d. giardiaepidemien i Bergensområdet og flodbølgja i Asia der Fylkesmannen fungerte som bindeledd mellom sentrale og lokale styresmakter. Det var eit tett og godt samarbeid med kommunane, sjukehusa, politiet og andre involverte.

Arbeidet med helse- og sosialberedskapsplanar har vore ulikt prioritert både i kommunane og i helseføretaka. Haukeland universitetssjukehus har øvingar kvar veke. I Bergen kommune er den generelle beredskapen høgt prioritert, men helsetenesta har etter våre vurderingar vore for lite med. I Helse Fonna og på Haraldsplass Diakonale Sykehus gjenstår enno noko arbeid, og

fleire kommunar manglar framleis godkjende planar for sitt beredskapsarbeid. Kommunar og sjukehus som ikkje har godkjende beredskapsplanar, blir følgde opp av helsetilsynet.

### **Resultatområde 53.6 Smittevern**

**MRSA** (methicillinresistente stafylokoccus aureus) eller motstandsdyktige gule stafylokokkar er på full fart inn i den norske helsetenesta. Vi har grunn til å tru at det er sjukeheimspasientar som i størst grad vil bli ramma av infeksjonen. Fordi infeksjonen ikkje let seg stoppe av antibiotika og er spesielt farleg for pasientar med svakt immunforsvar, er det viktig med ein godt innarbeidd infeksjonskontroll. Ikkje alle sjukeheimar har det. Kommunar og helseføretak må og vere merksame på at pasientar kan vere smitta etter opphald ved sjukehus i andre land, til dømes Spania.

Fleire sjukeheimar har hatt pasientar med langvarig smitteførande MRSA. Langvarig isolering er ei stor belastning både for pasient og personale. Det fører til restriksjonar for besøkande og får konsekvensar for personell som arbeider i fleire institusjonar og dermed risikerer å overføre smitte frå ein institusjon til ein annan.

#### *Klamydia*

Avdeling for mikrobiologi og immunologi ved Haukeland universitetssjukehus undersøkte i 2005 22 933 prøver på klamydia, mot 22 829 i 2004. Prosentdelen positive prøver steig frå 6,9 til 8,5. Sjølv om noko kjem av endra prosedyrar for prøvetaking, er det likevel truleg ein reell auke i førekomsten av klamydia i Hordaland. Auken er størst for dei under 24 år og særleg i aldersgruppa 15-19 år.

#### *HIV/Aids*

Det vart registrert ti nye hiv-positive og eitt nytt tilfelle av aids i 2005. Til no har 219 personar i Hordaland vorte smitta av hiv. 51 av dei har utvikla aids og 38 er døde. For heile landet er det registrert 3 202 tilfelle av hiv-smitte sidan byrjinga på åttitalet.

#### *Smittevernkonferansar*

Det er ikkje gjennomført eigen smittevernkonferanse i Hordaland i 2005, men smittevern har vore tema på fleire kurs, seminar og konferansar i løpet av året. Av særlege tema kan vi nemne legionellautbrotet i Østfold, giardiaepidemien i Bergensområdet, MRSA i sjukeheimar og seksuelt overførte infeksjonar blant ungdom. Vi viser til nærare orientering i brev til Sosial- og helsedirektoratet av 13. april 2005.

### **Resultatområde 53.7 Avvikling av gamle helseberedskapslager**

Dei siste beredskapslagra vart avvikla i 2005. Fylkesmannen har ikkje lenger oppgåver med beredskapslagra.

### **Resultatområde 53.8 Evalueringsrapportar**

Rapportering var særleg omfattande ved dei to ekstreme nedbørshendingane i september og november. I etterkant vart det òg følgd opp med evaluering og erfaringsinfo.

### **Resultatområde 53.9 Beredskapsdagen**

Beredskapsdagen vart arrangert 19. april 2005 for to niandeklassar i Knarvik ungdomsskule (Lindås). I tillegg vart det gjennomført ei større massemønstring av redningsressursar og ei redningsøving der 200 skuleelvar var med.



### **Resultatområde 53.10 Representert i beredskapsutval ved lufthamn**

Fast representant og stadfortredar er peika ut og deltek i BSU Bergen Lufthamn, Flesland.

### **Resultatområde 53.11 Avvikling av transportberedskapsorganisasjonen (TBO)**

Fylkesmannen har i 2005 delteke aktivt i eit pilotprosjekt i fylkeskommunen vedrørande risiko- og sårbarheitsanalyse for transportberedskapsorganisasjonen. Fleire aktørar har vore aktivt med og det er etablert ei nettverksgruppe der også forsvar og politi er tungt inne.

### **Resultatområde 53.12 Samarbeid med friviljuge organisasjonar**

Større friviljuge organisasjonar er fast representert i fylkesberedskapsrådet. Andre vert involvert når det er aktuelt. Kommunane vert i samband med tilsyn og annan kontakt oppmoda om kontakt med og representasjon av frivillige organisasjonar til dømes i det kommunale beredskapsrådet.

### **Særskilte embetsoppdrag 2005**

Ingen rapportering

### **Resultatområde 54: Rettleiar og pådrivar overfor kommunane**

#### **Resultatområde 54.1 Prioritering av kommuneretta arbeid**

Internt er det sett på ulike kriterium for differensiering av kommunar. Det ligg enno ikkje føre tilstrekkelege sentrale kriterium for dette. Når det gjeld terror/sabotasje mot sentra, infrastruktur, symbol og befolkningsrike område er kommunane gruppert.

#### **Resultatområde 54.2 Interkommunalt samarbeid**

For å vidareutvikle interkommunalt samarbeid er det gjennomført regionale samlingar for leiande nøkkelpersonell i kommunane.

#### **Resultatområde 54.3 Kommunalt kriseplanverk**

Ved revisjon sender kommunane beredskapsplanverk til Fylkesmannen til info eller for gjennomgang. Tilbakemelding på planverket er prioritert. Det er noko tilfeldig i kva grad kommunale ressursar er innarbeidde i det kommunale beredskapsplanverket.

#### **Resultatområde 54.4 Tilsyn**

Fylkesmannen har i 2005 gjennomført tilsyn med beredskapsarbeidet i 8 kommunar. Tema for tilsyna har vore målsetjingar, kartlegging, førebygging, krisehandtering samt opplæring og øvingar. Tilsyna viser at arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i kommunane stadig får større fokus, men at det framleis er nokre steg igjen før vi kan seie oss nøgde. I for stor grad manglar det rutinar, arbeidet er for personavhengig og det skjer ofte i rykk og napp – gjerne avhengig av om Fylkesmannen har tiltak på gong eller ikkje. Kommunane understrekar at tilsyna er svært positive då dei er med på å setje fokus på kommunane sitt ansvar for dette feltet. Det er ikkje gjennomført felles tilsyn med andre etatar i 2005, men det er teke initiativ for å sjå på kva område det kan vere aktuelt med felles tilsyn.

#### **Resultatområde 54.5 Øving av kommunane**

Krisehandtering på lokalt og regionalt nivå var eit viktig område i 2005. Øving Hordaland, ei skrivebordsøving for kommunane, vart gjennomført i perioden 7. – 18. februar. Øvinga var i regi

av Fylkesmannen, men vart planlagt og gjennomført i samråd og samarbeid med kommunane. Alle kommunane i fylket gjennomførte øvinga. Atomulukke, oljeureining, helseberedskap, fugleinfluensa og munn- og klauvsjuka var nokre av dei scenaria som vart øvd. Tilbakemeldingane til sjølve øvinga gjev oss grunn til å tru at øvinga var svært vellukka for kommunane, og at det er stor semje om at øvinga var nyttig i høve til å styrkje beredskapsarbeidet.

”Øving Lyneld”, som er ei årleg varslingsøving overfor kommunane, vart gjennomført 15. desember. I tillegg til å teste e-postvarsling av kommunane, inneheldt øvinga oppgåver knytt til ekstremvêr. Øvinga viser at det må arbeidast vidare med eit system for varsling av kommunane utanom kontortid. Øvinga viser òg at fareområde knytt til ekstremvêr ikkje er godt nok kartlagt og at kommunane har behov for bistand for å få dette gjort.

Bergen kommune vart i tillegg øvd under øving Bjørgvin i november.

#### **Resultatområde 54.6      Bistand og evaluering etter større kriser**

Fylkesmannen har ved fleire høve kontakta kommunane etter større kriser for å yte bistand og rettleiing, men har også sytt for at evaluering vert gjennomført. Sjå elles punkt 53.8.

#### **Resultatområde 54.7      Eldre graderte dokument**

Total renovasjon og gjennomgang vart gjennomført i samlege 33 kommunar i Hordaland i 2004. Det har i 2005 vore utført arbeid med klarering og reklarering av politisk og administrativ leiing i mange av kommunane.

#### **Resultatområde 54.8      Vidareformidling av nasjonale risikovurderingar**

NSM vurderingar vert formidla til kommunar, fylkesberedskapsrådet og andre instansar etter konkrete vurderingar.

#### **Resultatområde 54.9      Atomulukkesberedskap**

Atomberedskap inngår som ein av fleire scenario i kommunale beredskapsplanar. Under øving Hordaland øvde alle kommunar på atomberedskap.

### **Særskilte embetsoppdrag 2005**

#### **Resultatområde 54.10      Utvelde embete skal øva kommune vs industri**

FM Hordaland har teke del i øving med Fjell kommune og forsyningsbasen CCB.

#### **Resultatområde 55:      Førebyggande samfunnstryggleik i arealplanlegginga**

#### **Resultatområde 55.1      Oversikt over risikoområde / GIS**

FylkesROS frå 2004 gjev oss eit godt bilete over beredskapsmessige utfordringar i fylket. FM har saman med fleire vestlandsfylke utarbeide ein rettleiar for korleis ein kan arbeide med risiko- og sårbarheitsanalysar i planprosessar. Sjå elles punktet nedanfor.

#### **Resultatområde 55.2      Førebygging i samfunnsplanlegginga**

Fylkesmannen gjennomgår ulike planar og kjem med innspel og tek initiativ til felles utgreiningar der det er ønskjeleg.

Som høyringsinstans i arealplansaker legg embetet vekt på å sjå til at det vert teke omsyn til risiko og sårbarheit i arealplanlegginga. Det har i dette høvet vore naudsynt å rette fleire motsegner mot kommunale arealplanar. For å auke kvaliteten på kommunane sitt arbeid innan dette fagfeltet har Fylkesmannen teke del i utarbeiding av ein rettleiar i korleis kommunane kan arbeide med risiko- og sårbarheitsanalysar i samband med arealplanprosessar. Rettleiaren viser også korleis ein kan nytte geografiske informasjonssystem (GIS) og tematiske geodata som støtte i dette arbeidet. Arbeidet med rettleiaren vart avslutta på nyåret 2006, og den vil om kort tid verta sendt ut til kommunane og vert tilgjengeleg på våre nettsider.

Hordaland vart råka av fleire ekstreme vêrsituasjonar i 2005, og prognosar tydar på at vi vil oppleve fleire og større naturulukker i framtida. Dette gjer at kommunane vil møte nye utfordringar i høve til arealdisponering og kartlegging av fareområde.

### **Resultatområde 55.3      Rettleiing av kommunane i høve til planarbeid**

Dette vert gjort rutinemessig og er høgt prioritert og vert samordna for Fylkesmannen sine fagavdelingar. Sikring av drikkevasskjelder er ein av fleire prioriterte område.

### **Resultatområde 55.4      Rettleiing av kommunane i høve til risiko**

Fylkesmannen rettleiar kommunane i høve til ROS-analysar ved ulike anledningar. Til dømes i høve til tilsyn og som ein del av planprosessen.

### **Resultatområde 55.5      Samordning av kommunale beredskapsmiljø**

Samordning er ofte tema for Fylkesmannen sin kontakt med kommunane. Kommuneleiinga vert rådet til å trekke inn risiko- vurderingar frå til dømes andre kommunale etatar som brann, helse, teknisk med fleire. Kommunane må når det er relevant ha innsikt i ROS som gjeld til dømes større verksemdar eller infrastruktur som er lokalisert i kommunen.

### **Resultatområde 56:      Ivaretaking av plikter vedrørande samordning ved ekstraordinære kriser i fred, sikkerheitspolitiske kriser og krig.**

#### **Resultatområde 56.1      Samordning ved ekstraordinære hendingar**

Beredskapsåret 2005 har vore prega av fleire krisehendingar, beredskapsplanlegging og øvingar. Året byrja med etterarbeidet etter tsunamien i Asia, og på hausten kom det to rundar med ekstremvêr med store nedbørmengder som medførte alvorlege konsekvensar for menneskelege og materielle verdiar i Hordaland. Alle hendingane involverte også fylkesmannsembetet og vår organisasjon. Erfaringane etter hendingane viser at Fylkesmannen får ei viktigare og viktigare rolle som regional samordnar og informasjonspunkt mot kommunane og overordna styresmakt, og at lista for at vi vert involvert er senka.

#### **Resultatområde 56.2      Årleg øving av leiargruppa**

Øving Bjørgvin vart gjennomført i 2005. Øvinga omfatta både leiargruppa, krisestaben og eksterne aktørar. Eit sentralt øvingsmoment var testing av det nye kriseplanverket. Sjå også punkt 57.1.

Tidleg på året deltok vi også i ei øving i regi av BKK der større straumsvikt var scenariet.

#### **Resultatområde 56.3      Internt kriseplanverk**

Embetet har prioritert revisjon av eigen kriseplan høgt dette året. Beredskapseininga har hatt ansvaret for revisjonen, men det har vore sett ned ei arbeidsgruppe på tvers av fagavdelingane. Denne har kome med innspel og kommentarar etterkvart. Revisjonen har ved fleire høve vore

drøfta i leiargruppa. Det har vore viktig for oss å ha ein open og inkluderande prosess for å utvikle eit planverk som gjer embetet i stand til å møte framtidige kriser på ein effektiv og profesjonell måte. Det har vore gjennomført opplæring for kriseorganisasjonen der hovudtema var eige planverk og rolle/ansvarsfordeling i forhold til redningsteneste, kommunar og andre statlege etatar.

**Resultatområde 56.4      Informasjonshandtering**

Dette har vore tema ved revisjon av kriseplanverket som det og er øvd på. Utvikling og bruk av datatekniske meldingssystem har vore vektlagt.

**Resultatområde 56.5      Plan for det regionale atomberedskapsutvalet (ABU)**

Personellmessige utskiftingar pågår. Oppdatering av planverket og opplæring / øving av personellet har av kapasitetsmessige grunnar vore lågare prioritert enn normalt.

**Resultatområde 56.6      Utvikling av atomulukkeskompetansen**

Vedlikehald og utvikling utover ei samling av ABU har i mindre grad vorte utført i eige embete.

**Resultatområde 56.7      Oppfylging av bygg og anleggsberedskap (BAB)**

Ikkje prioritert i 2005. Det er uklære sentrale signal om kva skjebne BAB skal ha i framtida.

**Resultatområde 56.8      Årleg møte i fylkesberedskapsrådet**

Møte i FBR vart gjennomført i januar 2005.

Den regionale kulturminneforvaltninga er så langt ikkje vurdert teken inn i fylkesberedskapsrådet, men Fylkeskommunen er representert med fleire leiarar.

**Resultatområde 56.9      Kryptoutstyr og sambandsteneste**

Omfattande revisjon slutført 14.11.2004. Mindre revisjonar i 2005. To personar kan operere utstyret. Ytterlegare personar er klarert og kan autoriserast og gjevast opplæring når forsert eller kontinuerleg behov oppstår. Øving og bruk av BID er minimalt i påvente av meir brukarvenleg utstyr. TCE 500 faks og telefon, GSM krypto telefon og TUSS er mest brukarvenlege og operative.

**Særskilte embetsoppdrag 2005**

**Resultatområde 56.13      Deltaking i Styringsgruppa for atomulukkesberedskap**

Fylkesmennene i Hordaland, Hedmark og Troms har teke del i Styringsgruppa for atomulykkesberedskap mellom Statens strålevern og fylkesmennene. Fylkesberedskapssjef i Hordaland har leia gruppa. Andre fylkesmenn tek del i prosjekt- og arbeidsgrupper etter førespurnad.

**Resultatområde 56.14      Nye ordningar for varsling og rapportering**

Utvalde embete skal vurdere ny hensiktsmessig vaktordning og nye ordningar for varsling og rapportering. Hordaland er ikkje omfatta av dette.

**Resultatområde 57:      Sivilt-militært samarbeid**

**Resultatområde 57.1      Samarbeid med Forsvaret**

I perioden 16.-18. november 2005 tok Fylkesmannen i Hordaland del i ei samhandlingsøving, øving Bjørgvin, saman med Bergenhus heimevernsdistrikt 09, Hordaland politidistrikt, Bergen kommune, Bergen og Omland Hamnevesen, Hordaland Sivilforsvarsdistrikt, Haakonsværn orlogsstasjon og Kysteskadren. Scenariet tok utgangspunkt i ein reell terror situasjon i fylket som utvikla seg over tid. Embetet prioriterte denne øvinga høgt, og vi fekk prøvd ut både planverket og kriseorganisasjonen. Det vart og øvd på alternative samband.

Evalueringa syner at embetet og resten av etatane hadde stort læringsutbytte av både planleggingsprosessen og sjølve øvinga. Slike samhandlingsøvingar er viktige og Fylkesmannen vil dei komande åra prioritere å vere med på liknande øvingar med fokus på utvikling av god krisekommunikasjon mellom samhandlingsaktørane. Sjå elles punkt 56.2.

#### **Resultatområde 57.2      Tilpassing av sivil-militære planverk**

Fylkesmannen har framleis viktige oppgåver med planlegging, informasjon, kontakt og samordning i høve til krigsrelatert beredskap. Nytt sivilt og militært krise- og krigstidsplanverk vart vedteke ved kgl. res. i april 2005. Arbeidet med å passe inn planverket regionalt starta opp i 2005, men sentrale føringar har seinka arbeidet dette året.

#### **Resultatområde 57.3      Skjermingsverdige objekt**

Når det gjeld objektsikring, har vi saman med forsvaret, politiet og fagetatar som kraft, tele, og veg med fleire, gjennomført ein omfattande revisjon. Det er gjennomført fleire kontaktmøte. Det er òg gjeve innspel og oppfølging til forskrift for objektryggleik.

#### **Resultatområde 57.4      Samarbeid gjennom totalforsvarsnemnda**

Fylkesmann og fylkesberedskapssjef tek del.

Det har vore innspel til Forsvaret med omsyn til struktur for skjønnsnemndene.

#### **Resultatområde 57.5      Fritak for mobilisering**

Fylkesmannen er definert som rapporterende ledd for regionale prioriterte verksemdar og gjev utvalde sivile leverandørar fritak i samsvar med fritaksordninga.

#### **Særskilte embetsoppdrag 2005:**

#### **Resultatområde 57.7      Øving Bjørgvin**

Øvinga vart gjennomført som totalforsvarsøving i november. Sjå punkt 57.1 og 56.2.

### **3.4 KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET**

#### **Resultatområde 61.1: Samordning**

Samordningsoppgåva er lagt i stab under leiing av ass. fylkesmann. Eininga heiter Kommunal- og samordningseininga.

Samordning internt på embetet vert generelt gjort frå sak til sak, og frå område til område, der det er naturleg. Så lenge samordninga fungerer ser vi ikkje behov for å formalisere dette ytterligare.

Samordning mellom andre regionale statsetatar vert også ivareteke samordningseininga, på generelt plan, og av fagavdelingane når det gjeld saker innan deira områder. Det er også oppretta eigne samordningsgrupper.

I 2005 har Fylkesmannen arbeidd målretta for å samordne statlege innsatsområde som gjeld barn og unges oppvekstmiljø. Gjennom ei intern samordningsgruppe har embetet utvikla tverrfagleg samarbeid for statlege mål innan miljø, helse, utdanning, landbruk og beredskap. Resultatet av denne tilnæringsmåten har vore særleg synleg gjennom konferansar, møte og innspel til kommunane, ikkje minst i arealplansaker der barnehage/skule, uteareal, grønstruktur, friluftsliv og fysisk aktivitet har vore sentrale tema. Fylkesmannen gjennomførte i 2005 ei spørjeundersøking om barnerepresentantordningane. Denne viser at krav i gjeldande lov og retningsliner for barn og unge ikkje vert følgt opp på ein god nok måte i mange kommunar.

Vi har etablert eit regionalt statsetatleiarforum i Hordaland. Fylkesmannen sjølv leiar dette. Forumet hadde i 2005 to, mot normalt tre, møte. Vidare er statsetatane saman om å arrangere ein konferanse for ordførarar og rådmenn på Solstrand Fjord Hotell kvar haust i månadsskiftet oktober/november. Det er svært god oppslutnad om denne konferansen som gjev fagleg utbytte i tillegg til å minske distansen mellom statsetatar og kommunane. Årets hovudtema var barn og unges oppvekstvilkår. Elles stod krisehandsaming, regionalisering, moglege konsekvensar av valet 2005 og Ny arbeids- og velferdsforvaltning på programmet.

Innan Samfunnsikkerheit og Beredskap er det stor grad av samordning, mellom anna gjennom Fylkesberedskapsrådet som har representantar frå alle relevante statsetatar og avdelingar. Vidare er det blitt halde øvingar med statsetatar og kommunar.

Løysingane innanfor samordning har fungert tilfredstillande, men er under stendig vurdering.

Sjå elles 61.2 og 62.1/2.

### **Resultatområde 61.2: Omstilling i kommunane**

Vi har knytt omstillingsressursen opp mot det ordinære arbeidet i Kommunal- og samordningseininga. Dette ut frå ein tanke om at det ville vere like effektivt å byggje vidare på den erfaring og kompetanse vi alt har.

Prioriterte oppgåver har vore å fylgje opp ROBEK kommunar og fordele skjønn til omstilling og utvikling (sjå også 62.2). I hovudsak har desse utviklings- og omstillingsprosjekta hatt interkommunal karakter. Sjå derfor 65.2. Det er lagt opp til erfaringsutveksling og vi har følgd opp prosjekta og rapportert desse inn i KRD sin prosjektbase. Rapportar og erfaringsutveksling vil om kort tid gje svar på kor vellukka prosjekta har vore.

Embetet har deltatt i ulike omstillings- og utviklingsprosjekt, som Stifinnaren der vi mellom anna er observatør i styringsgruppa for Stifinnaren i Bømlo.

Vidare har vi vore aktivt med i kommunestrukturprosessen. Fylkesmannen sjølv har sete i styringsgruppa, og moderniseringsrådgevar har teke del i sekretariatet saman med KS.

Vi har hatt eit godt samarbeid med fagavdelingane internt på embetet og andre regionale statsetatar etter behov. Vi har i samarbeid med KS arrangert internt kurs i praktisk bruk av KOSTRA med vektlegging av resultat og metode for KS sine effektiviseringsnettverk. Vi har også deltatt som observatør og diskusjonspartner i effektiviseringsnettverka.

### **Resultatområde 62.1: Kontroll og godkjenning etter økonomireglane i kommunelova.**

Embetet har gjennomført legalitetskontroll av budsjetta frå dei kommunane som står oppført i ROBEK. Ved utgangen av 2006 var 11 kommunar registrert i ROBEK. I løpet av 2005 blei fire kommunar innmelde og tre melde ut.

Vi har handsama og godkjent 24 enkeltsaker som gjeld godkjenning av låneopptak. Vidare har vi handsama 22 saker om godkjenning av kommunale garantiar. Av desse vart to avslegne.

### **Resultatområde 62.2: Økonomiforvaltning - rettleiing**

Vi har sendt brev til kommunane via e-post med informasjon om statsbudsjettet og kommuneproposisjonen så snart dette vart offentleg. Fylkesmannen sine økonomirådgevarar er i tett dialog med kommunane under heile prosessen. Vidare heldt fylkesmannen innlegg om verknadene av statsbudsjettet for kommunane i Hordaland under KS sin haustkonferanse. Vi har ikkje sett behov for å arrangere eigne informasjonsmøte i samband med Statsbudsjett eller kommuneproposisjon.

Fylkesmannen tok også del på den årlege Hordalandskonferansen i månadsskiftet mai/juni med innlegg om den økonomiske stoda i fylket og informasjon om revidert nasjonalbudsjett.

Vi har gått gjennom alle kommunale årsbudsjett og sendt brev med individuell tilbakemelding til alle kommunar, også dei som ikkje er i ROBEK. Denne ressurskrevjande praksisen gir, saman med gjennomgang av rekneskapane, Fylkesmannen god oversikt over den økonomiske tilstanden i fylket. Embetet legg vekt på å vere inkluderande og imøtekommande, og det vert ofte halde særskilde møte mellom kommunar og fylkesmannen om økonomiske og andre emne. Embetsleiinga der ofte med på desse møta.

Gjennom munnleg og skriftleg dialog, samt i møter med kommunane har vi etter behov rettleia om økonomisk planlegging og styring. Vi har særleg lagt vekt på å halde ein tett kontakt med kommunar som står oppført i ROBEK eller som står i fare for å komme på denne lista. Vi har sett krav om gjennomføring av konkrete innsparingstiltak. Men har overlata til kommunane sjølve å gjere framlegg om aktuelle tiltak. Vi har òg halde igjen skjønnsmidlar til 2 kommunar i påvente av at dei skulle gjennomføre naudsynte omstillingstiltak. Vidare heldt vi tilbake 2 mill kroner som blei gitt til 9 omstillingstiltak i kommunesektoren, hovudsakleg interkommunale tiltak.

Vi har rettleia kommunane i bruk av KOSTRA, både rekneskapsføring og rapportering. Vi har og kvalitetssikra data når vi har funne dette naudsynt.

Fylkesmannen har brukt KOSTRA og annan statistikk i sin dialog med kommunane og har i år utarbeidd ein samanfattande rapport om den økonomiske stoda i alle kommunane i fylket. Rapporten strekk seg tilbake til 2001. I tillegg er det lagt ut 2004-tal for den einskilde sektor i den einskilde kommune i form av rapportgeneratorar. Rapporten er publisert på heimesida vår og marknadsført overfor kommunane. Einskilde kommunar har lagt fram rapporten i politiske utval.

Ordinært skjønnskott for 2005 blei fordelt med ei ramme på kr. 159,6 mill. Av dette blei to millionar satt av til prosjektstønad.

Vi har fordelt ordinære skjønnsmidlar til kommunane for 2006 med 154,5 mill kroner. Vi har også for 2006 halde tilbake 2 mill kroner til prosjektskjønn, som skal fordelast i løpet av året.

#### **Resultatområde 63.1: Kommunalrett**

Embetet gjev rettleiing til kommunane etter behov. Vi har handsama 15 saker med krav om legalitetskontroll etter kommunelova § 59. Vi fann grunn til å oppheve kommunen sitt vedtak i to av desse sakene. Rapportering på eige skjema

Vi har ikkje teke initiativ til legalitetskontroll etter eige tiltak i løpet av 2005.

Det er i Utdanningsavdelinga blitt handsama to saker som gjeld skulestruktur. I både sakene blei kommunens vedtak ståande

#### **Resultatområde 63.2: Vallov**

I samband med stortingsvalet 2005 blei det gjennomført kurs i vallov og valgjenomføring med deltaking frå 31 av 33 Hordalandskommunar, samt Hordaland Fylkeskommune. Kommunane fekk også heile tida rettleiing.

#### **Resultatområde 64: Forvaltningsrett og offentlighetslova i forhold til kommunesektoren**

Fylkesmannen handsama i 2005 3 klagesaker som galdt avslag på partsinnsyn etter forvaltningslova og 5 klagesaker som galdt avslag på dokumentinnsyn etter offentleglova.

#### **Resultatområde 65.1: Kommunestruktur**

Vi har teke aktivt del i prosjektet "Framtidas kommunar", og var representert i prosjektgruppa som leia det lokale arbeidet. Fylkesmannen sat i styret og moderniseringsrådgvaren i



sekretariatet. Sentralt vart prosjektet leia av koordineringsgruppa med representantar frå KS og KRD. Rapporten frå prosjektgruppa vart lagt fram 2. mai 2005. Rapporten blei distribuert og også lagt fram av KS og prosjektgruppas leiar på Hordalandskonferansen i tillegg til å vere eit tema i "Fylkesmennenes moderniseringsforum".

Fleire kommunegrupper har søkt departementet om midlar til utgreiing av kommunestruktur.

Embetet har ikkje hatt konkrete inndelingssaker i 2005.

### **Resultatområde 65.2: Interkommunalt samarbeid**

Det går føre seg samarbeid på ei rekkje områder mellom to eller fleire kommunar i fylket, og det har lenge vore tradisjon for dette. Typiske område der det er etablert interkommunalt samarbeid er renovasjon, barnevern, legevakt og brannvern.

I løpet av 2005 har vi ytt tilskot til desse interkommunale samarbeidstiltaka:

- Nettverk for etablering av styringssystem for Voss, Odda og Kvinnherad (i samarbeid med Luster, Sogndal og Førde).
- Utvikling av felles landbruksforvaltning for Os, Fusa og Samnanger
- Barnevernssamarbeid i Hardanger. Kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord, Jondal, Ulvik og Granvin.
- Vidareopplæring i kommuneplanlegging for opptil 20 kommunetilsette, Tilskot gjennom Fitjar kommune
- Etablering av Nordhordland distriktsmedisinske senter. Alle kommunane i Nordhordland deltek. Lokalisering saman med legevakta i Knarvik
- Sekretariatsarbeid i "Nordhordland digitalt", dvs. tenester basert på geodata informasjon. Prosjektet er ei vidareføring av felles sakshandsamingssystem etter Plan- og Bygningslova for Nordhordlands-kommunane, som tidligare har fått støtte frå fylkesmannen.
- Felles barnevernsvakt for kommunane Fjell, Askøy, Sund, Øygarden med Bergen kommune.
- Utvikling av førstelinjeteneste for småskala næringsutvikling i kommunane Voss og Kvam.

Det blir oppretta ein eigen prosjekt- og erfaringsbase.

Prosjektstønadene skal rapporterast elektronisk til departement.

### **Resultatområde 66 Bustad- og bygningsrett (ingen rapportering på 66.3-5)**

#### **Resultatområde 66.1: Byggesaker**

Fylkesmannen avgjorde i 2005 523 klagesaker etter plan- og bygningslova. Dette er ein auke på 35% i høve til 2004, då tilsvarande tal var 387. Om lag 82% av dei kommunale vedtaka vart stadfesta av Fylkesmannen. Auken kjem delvis av svært stor aktivitet i byggjemarknaden og delvis av opprydding i Bergen kommune, som over lengre tid har hatt store saksrestansar. Den store auken i tal klagesaker har i periodar gjort det vanskeleg for Fylkesmannen å halde lovnaden i sørviserklæringa om at saksbehandlingstida her ikkje skal overstige 3 månader. Med stram prioritering i siste halvår oppnådde vi likevel at saksbehandlingstida ved utgangen av året

låg på 2,5 måned. For saker der klagen er gjeve utsetjande verknad har vi halde lova sitt krav om handsaming innan 6 veker.

**Resultatområde 66.2: Oreigning**

Fylkesmannen avgjorde i 2005 2 saker om oreigning etter oreigningslova. Vidare handsama vi 1 klagesak som galdt kommunalt vedtak etter plan- og bygningslova § 35 om oreigning til gjennomføring av reguleringsplan. I tillegg handsama vi 7 saker om samtykke til oreigningsinngrep før det ligg føre rettskraftig skjøn (oreigningslova § 25). Vi handsama dessutan ei sak der det vart gjort vedtak om rettsleg skjønn i staden for lensmansskjønn.

**Resultatområde 67: Innvandring og integrering (67.2/4 ikkje i årsrapport)**

**Resultatområde 67.1 Statsborgarsaker**

Fylkesmannen handsama 45 søknader om statsborgarskap i 2005, og alle fekk ja på søknaden sin.

**Resultatområde 67.3 Introduksjonsordning for nykomne innvandrere**

Vi har handsama 3 klagesaker i 2005. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 1 måned. Grunnlaget for klagen er stans i introduksjonsprogram og –stønad. Alle kommunale vedtaka vart stadfesta.

### **3.5 KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENTET**

#### **Resultatområde 95            Tros- og livssynssamfunn**

I 2005 vart det registrert fire nye trdomssamfunn. Ingen samfunn vart sletta frå registeret i 2005. Ved utgangen av året var det i Hordaland 51 registrerte og åtte uregistrerte trdomssamfunn. Fylkesmannen betalte i 2005 ut 3 051 509 kroner til 43 trdomssamfunn med i alt 10 507 medlemmer. Fylkesmannen har i løpet av året oppnemnt forstandarar i fleire trdomssamfunn, og i eitt tilfelle vart det gjeve dispensasjon for aldersgrensa for forstandarar.

#### **Resultatområde 97            Opningstider**

I 2005 handsama Fylkesmannen fire saker, som alle galdt opningstider.

## **3.6 LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET**

### **Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling.**

#### **Resultatområde 21.1 Jordbruk**

*Utviklingstrekk i Hordalandslandbruket for 2005.*

I 2005 var det 3.520 bruk som søkte om produksjonstilskot og det var ein reduksjon på 168 bruk. Av desse bruka er det 4% som søker på andre selskapsformer enn enkeltmannsføretak.

Det har vore ein svak reduksjon innan grovfor-produksjonen, men når det gjeld frukt og bærproduksjonen er det ein reduksjon på 281 daa som tilsvarer 3%.

Tall mjølkekyr gjekk ned med 584 stk mens ammekyr auka med 1.641 stk.

Mjølkegeitproduksjonen held seg stabil i 2005.

12% av dei med purke i Hordaland har kuttet ut produksjonen i 2005.

Innan eggproduksjonen har vi hatt ein avgang på 8% og det var 6.506 færre høner i Hordaland enn året før.

Sauetalet i Hordaland er redusert med 3.845 stk. Talet gjeld både vaksne sauer / livlam og utegangar sauer. Dette tilsvarer ein reduksjon på 4 %.

Denne negative utviklinga i det tradisjonelle jordbruket har ført til eit aktiv fokus på tilleggsnæringar og annan aktivitet som kan halde skjøtselen av landskapet ved like. For Hordaland som reiselivsfylke er dette spesielt viktig

Beitebruken er viktig ift gjengroing og skjøtsel av landbruket. Det vert stimulert til auka beite gjennom ordninga organisert beitebruk både i utmark (fjell), men også i låglandet. Gjennom organisert beitebruk er det i 2005 registrerte 92 godkjende lag mot 87 i 2004. Sein sleppetid på grunn av mykje snø i fjellet, men det var godt beite og god tilvekst på lamma. Det var mindre tap enn dei siste åra – trulig på grunn av kjølig beitesesong og mindre åtak av flugemark. Det vart slept 2800 færre sauer i 2005 ift 2004. For beitande storfe var det ein liten auke, og for geit - litt reduksjon. Beitebrukarar som nyttar fjellbeite klagar over at færre brukarar nyttar dette beitet, tilsyn og sanking vert av denne grunn vanskelegare og dårlegare.

Midlane til organisert beitebruk er lagt til kommunen og vi ser av bruken av midlane at det er ein aukande interesse for sambeiting mellom fleire brukarar heime nær garden. Kommunane har i stor grad stimulert til slike tiltak gjennom auka bruk av SMIL-midlane til inngjerding av slike sambeitetiltak.

Viser elles til utfordringar og beskriving av kulturlandskapet i Hordaland i vedlagt hefte ”Hordaland, eit streif i landbruket”

#### **Resultatområde 21.2 Skogbruk**

Omlegginga av skogpolitikken har vore merkbar i Hordaland. Grovt sett var vi i 2005 inne i ein periode der naturen sjølv sto for den nye skogen som kom opp. Det er ei spennande problemstilling om kva desse areala vil produsere av kvalitet dei neste 50 år og kva ein i næringsssamanheng vil kunne utnytte desse areala til.

I 2005 vart det planta knapt 490 daa skog og 80 daa juletre. Skogreisingssepoken i Hordaland vurderer vi som avslutta. Svært mange set av et minimum (4%) i skogavgift og det vert

investert svært lite i ny kvalitetsskog. Dei fleste kommunane kutta tilsvarande kommunale tilskot til skogplanting og totalverknaden blei på kort sikt slutten på skogfornyninga. Til samanlikning skjer det ei attgroing på om lag 50.000 dekar pr år i fylket og desse areala vert ikkje skjotta på ein måte som kan gje kvalitetsvirke i framtida.

Det er rydda (mekanisk etterarbeid) 1400 daa. Behovet er likevel mykje større, 4-5000 dekar pr år burde vore eit minimum. Avstandsregulering av 190 daa lauvskog viser at det er svært marginal interesse for stell av attgroingsskogar. Skog langs veg som i første rekke skal gje utsikt frå vegen er det stor politisk interesse for.

Når det gjeld planlegging av skogsvegar har kommunane overtatt virkemidlane og i mange tilfelle også planlegginga. Vi ser at i mange tilfelle får vi korte vegstubbar som har låg kvalitet. Fellestiltak kostar meir å få på plass men burde nok vore gjennomført i større omfang.

### **Resultatområde 21.3 Bygde og næringsutvikling**

Fylkesmannen fekk frå 2005 ansvaret for å fordele dei bedriftsretta midlane frå Landbruk og Matdepartementet til Innovasjon Noreg. I den samanheng blei det utarbeidd ein regional strategi som skal ligge til grunn for det regionale arbeidet med landbruksrelatert næringsutvikling generelt og for forvaltning av dei fylkesvise BU-midlane spesielt. I denne samanheng har landbruksavdelinga hatt ein god og regelmessig dialog med Innovasjon Noreg, næringsorganisasjonane, KS, FK og Universitetet i Bergen. Strategien blei grunnlaget for dei vedtak og disposisjonar IN har gjort dette ift bruk av bedriftsretta midlar til landbruket i fylket.

I oversikten over bruken av midlane dette året, viser det seg at ein større del av midlane enn tidlegare har gått til tradisjonelt jordbruk. Fylkesmannen har saman med Tine sett fokus på samarbeid i landbruket, dette har vist igjen ift auka etterspørsel etter bedriftsretta midlar til samdriftsfjøs. Det er registrert ein nedgang i etterspørsel etter bedriftsretta midlar til tilleggsnæringer og i tillegg ein nedgang etter etablerarstipend. Dette er signal som vi tek med i arbeidet vidare med strategiarbeidet i 2006.

Samarbeid har også vore hovudtema for aktiviteten mot saueneringa. Sau + er den store satsinga i fylket i 2005, og der blir det både sett fokus på samarbeid, sambeite, økologisk sau og billigare og enklare driftsbygningar. Dette arbeidet vil i 2006 sette spesiell fokus på kompetanse til bonden – og føre til ein aktiv møteaktivitet rundt om i fylket.

#### *Matsatsing*

Mat og mat - foredling er eit viktig satsingsområde i Hordaland. Viktige satsingsområde innan mat og matforedling er kompetanse, nettverk og rettleiing på marknadssida. Kompetanse var i 2005 eit prioritert område som det vart lagt mykje ressursar i og dette året blei det starta opp eit pilotarbeid innanfor opplæring og etterutdanning på matområdet. Eit kompetansehevingskurs innanfor kjøtt er starta opp der målgruppa er primærprodusentar, tilsette i næringsmiddelindustrien, butikkpersonale, personale knytt til serverings- og overnattingsstader og forbrukarar. Sentrale stikkord er entreprenørskap og kulturbasert regional utvikling innan eit område der jordbruk og kjøttproduksjon har spelt og framleis spelar ei nøkkelrolle. Programmet vil gje 15 studiepoeng og studieplan er godkjent av Høgskolen i Bergen. Realkompetansevurderingar vil bli gitt til den enkelte deltakar. Programmet er eit samarbeid mellom Vestnorsk kulturakademi, Voss jordbruksskule, FMLA, Navet i Aurland og Høgskolen i Bergen.

Vi har støtta opp om regionale prosjekt på mat og merkevareområdet. Frå før har Vossamenyen vore aktiv, men no kjem òg andre regionar på banen, til dømes Hardanger (eks: Hardangermat på alle fat og smak av fruktbare Hardanger, merkevaren Hardanger).

Sunnhordland/Etne har og eiga matsatsing. I 2005 har vi og støtta opp om prosjekt ”Nordsjøløypa for mat”.

Også i 2005 blei det arrangert ein stor og vellukka matfestival på Bryggen over 3 dagar. I samband med hundreårsmarkeringa blei det også gjennomført eit matstreif i Oslo der utstillarar frå alle fylke var med. Hordaland var til stades med ei gruppe på 9 stk.

Prosjektet Kortreist mat-skule er ein del av landbruket si hundreårsmarkering. Vi lyste ut ein konkurranse om kåring av beste Kortreist mat-skule i Hordaland. Det var 11. skular som fekk midlar til gjennomføring av prosjektet. Eksingedalen skule og barnehage vart kåra som beste Kortreist mat-skule i fylket. Skulen gjekk vidare til landsfinalen i Landbruks- og Matdepartementet og fekk 2. plass i konkurranse med 128 andre skular i landet.

#### *Reiseliv*

På reiselivssida samarbeider partnerskapet om å utvikle småskala reiseliv i fylket. Prosjektet er forlenga til 31.12.06. Gjennom reisemålsutvikling og kompetanseheving i ”Småskala reiseliv” styrkar ein dei regionale og lokale aktørane gjennom å setja fokus på samhandling og tilby kompetanseheving og fagsamlingar/nettverksamlingar. FMLA samhandlar med bransjeorganisasjonane og næringa gjennom å delta i møter og utarbeiding av felles planar og strategiar.

FMLA bidrog i 2005 med støtte til gjennomføring av Ungt entreprenørskap, og er ein del av dommartemaet i fylkesmeisterskapen. FMLA har fått eit særskilt ansvar for ”Ungt entreprenørskap på matsida”.

Det blei også dette året satsa på kompetanseoppbygging for næringsutvikling gjennom prosjektet ”Entreprenørskap - Grundergrupper”, kompetanseheving i ”Småskala reiseliv” og småskala matprodusentar der ca 130 stk har vore på kurs.

#### *Inn på Tunet*

I 2004 blei "Fagforum Inn På Tunet Hordaland" skipa. Vi har ca 60 tilbydarar i Hordaland som går under "Fagforum Inn På Tunet Hordaland". Det er stor interesse for å utvikle næringar innan Inn på tunet, og både rettleiing og kompetanse blir etterspurd frå etablerarane og kjøparane. ”Inn på Tunet” nettverket er kopla til prosjekt ”Grønt i skulen”.

#### *Småkraft*

Landbruksavdeling hjå Fylkesmannen samarbeider med Hordaland fylkeskommune, kommunane med størst småkraftressursar i fylket og tilhøyrande kraftlag om eit prosjekt der fallrettseigar får hjelp til å avklare økonomiske, tekniske, juridiske og kontraktsmessige forhold rundt ei eventuell utbygging av mini, mikro og småkraftverk. Næringsorganisasjonane i fylket støttar òg denne satsinga.

NVE har kartlagt eit stort potensiale for småkraftutbygging, spesielt i indre delar av Vestlandsfylka. Berekningar vi har gjort tyder på at fallrettseigarar i Hordaland fylket kan stå overfor investeringar på 200-400 mill kr pr år framover. Vi ser at eit offentlig engasjement vil

bidra til at fallrettseigar får høve til å skaffe seg kunnskap om alle sider ved å realisere småkraftverk. Vi ser det òg som viktig at mest mogleg av verdiskapinga skjer i distrikta. Vi meiner det og er særst viktig at utbyggingane er godt kvalitetssikra med omsyn til miljø, reiseliv og evt. konflikt med allmenne interesser.

Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen har arbeidd med denne problematikken i snart 2 år. Interesse blant fallrettseigarar er òg svært stor. Dei arrangement vi har gjennomført til no har trass i liten marknadsføring trekt mykje folk. Landbruksavdelinga har sett av ein heil stilling over tre nye år innan dette fagområdet.

Prosjektet vil òg ha oversikt over ulike aktørar i marknaden og etablere ein ”stall” av konsulentar innanfor juss, jordskifte, økonomi, miljø, kulturminne og teknologi. Desse kan sjølvstøtt nyttast til utgreiing i samband med prosjektidentifisering og prosjektutvikling av småkraft.

#### *Anna næringsaktivitet*

Prosjekt ”Grønt i Skulen” starta opp i Hordaland som eitt av to pilotfylke i Noreg. Det blei gitt midlar frå Landbruks- og matdepartementet til prosjektet. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom landbruk, helse og skule hjå Fylkesmannen. I prosjektet legg Fylkesmannen til rette for at skulane får etablert samarbeid med ein gard, derfor har vi mottoet: ”Kvar skule sin gard”. 17 skular vart plukka ut til å ta del i prosjektet. Målet for prosjektet var at vi gjennom eit samarbeid mellom skule og landbruk skulle utvikle sunne matvanar og større forståing for mat hjå barn og unge. Vi vil søkje om å få eit år til i prosjektet (skuleåret 2006/1007).

I 2005 gjennomførte vi Bulystkonferansen i Eidfjord (mars 2005). Det var eit samarbeid mellom Fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Konferansen var òg knytt til prosjektet ”Kvinner og menn i distrikta – liv og virke”. Samarbeidet med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal gjennom prosjekt ”Kvinner og menn i distrikta – liv og virke” farga konferansen (deltakarar, prosjekt og innleiarar frå alle tre fylka). Prosjekt ”Kvinner og menn i distrikta – liv og virke” blei avslutta i 2005. Det siste tiltaket var ein studietur til Sverige for kommunale og frivillige eldsjeler i dei tre fylka.

Tett kontakt mot ulike miljø i Bergen by har blitt prioritert gjennom året. Ambisjonsnivået er høgt for Trebyen Bergen og eit tett samarbeid med andre trebyar er sett i system. Konferanse retta mot arkitektane i Bergen er gjennomført med stor deltaking. Utviklingsprosessar knytt mot auka foredlingsgrad av tømmerstokken er starta opp i samarbeid med Granvin bruk.

I 2005 har FMLA gjennomført samordning av rådgjevingstenestene. Det blei mellom anna gjennomført ein spørjeundersøking der NHH bidrog fagleg. Resultata er samla i ein rapport for prosjektet.

#### *Utviklingsmidlane*

I Hordaland har Innovasjon Noreg og FMLA ein felles strategi for bruk av BU-midlane, både bedriftsretta og utviklingsmidlane. Strategien har tatt utgangspunkt i sentrale føringar og i Strategisk næringsplan for Hordaland. Ein samarbeider òg med Hordaland Fylkeskommune i dette arbeidet. Knytt opp mot denne strategien har vi også ein landbruksplan for Hordaland der tiltaksdelen viser utviklingsarbeid som er viktig å ta tak i – og kven som har ansvar for dei ulike delane.

I 2005 fekk FMLA i Hordaland tildelt 4 millionar kroner av Bygdeutviklingsmidlane frå LMD, i tillegg har vi drege inn kr 529.994,-. I 2005 har det vore stor aktivitet og mange søknadar til utviklingsmidlane. Totalt er det nytta ca 3,7 mill til utviklingssaker (34 saker) og ca 0,7 mill til praktikantordninga (9 saker).

#### **Resultatområde 21.4 Verdiskapingsprogramma**

##### *Matprogrammet*

Landbruksavdelinga har gjennom matsatsinga vår hatt stort fokus på matprogrammet og verkemiddel knytt til nye etableringar på matsida. Vi har eit svært godt samarbeid med IN og FK og prosjekt "Entreprenørskap - Grundergrupper" som skal gå i 2004/2006 vidareførast saman med Innovasjon Noreg. Hordaland skal vere pilotfylke, og prosjektet er styrt av Innovasjon Noreg i Oslo.

Innovasjon Noreg bidrar aktivt på matfestivalen. Dette er eit samarbeid mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Det har vore jobba aktivt med å få på plass eit fast utsal i Bergen av lokalproduserte matvarer frå Hordaland og Sogn og fjordane. Det lykkast i 2005 ved at Sesong blei opna i Kjøttbasaren i august.

Når det gjeld saker frå vårt fylke til Verdiskapingsprogrammet for mat, har det i 2005 vore gjeve tilsegn til 10 saker mot 7 i 2004.

##### *Treprogrammet:*

Etablert prosjektet "Tre i sentrum" i samarbeid med IN og med ekstern styringsgruppe. Dei to eksterne prosjektleiarane på deltid er ut av prosjektet. FMLA leiar prosjektet sjølv. Prosjektet har endra arbeidsmåten. Mindre retta mot utbyggarar og konkrete arkitektprosjekt, meir politisk lobbyarbeid og hjelp til utvikling av nokre store enkeltprosjekt. Bl.a. Tett samarbeid med politisk leiding i Bergen kommune - konferansar gjennomført, Treforum etablert, (svært vellykka arbeid!)

- Medverking i Bergens største (muleg tre-)byggeprosjekt sidan Bryggen ble reist for 700 år sidan.
- Initiativ til forprosjekt "Massivtre-linje i Granvin"
- Konferanse "Tre byer om tre" - samarbeid mellom kommunepolitikarar og -administrasjon Trondheim, Stavanger, Bergen
- Støtte til studentprosjekt hos Kunsthøgskolen i Bergen
- Treseminar som del av matfestivalen for 3. gang
- Studietur til Trondheim med utbyggarar, Husbanken og arkitektar (20 deltakarar)

Prosjektet har mange enkeltprosjekt under arbeid i 2006. Bl.a. Ein stor internasjonal konferanse om den moderne treby/nordiske trebyar i slutten av mai.

I 2005 satt FMLA og IN fokus på bioenergi mellom anna gjennom BioVaksdal og "BioKvinnherad".

Når det gjeld søknader frå Hordaland til verdiskapingsprogrammet for skog, har det vore gjeve tilsegn til 1 sak mot 2 saker i 2004

#### **Resultatområde 22: Miljø- og arealforvaltning.**



## **Resultatområde 22.1 Kulturlandskap, biologisk mangfald m.m.**Hovudelement i Fylkesmannen sitt arbeide på dette område;

Landbruket markerte jubileumsåret 2005, denne viktige hendinga i nasjonen si historie, med Streif i jordbruket sitt kulturlandskap i heile landet, men hovudmarkeringa blei gjort i Hardanger der H. M. Dronning Sonja opna den nasjonale markeringa på Reiseter i Ullensvang herad fredag 22. april. Opning Streifet fekk namnet ”Maten og kunsten i landskapet”. Til saman 3000 menneskje følgde H. M. Dronninga gjennom frukthagane frå Reiseter til Nå, der alle fekk smake eller kjøpe lokalt produsert mat frå Hardanger. Vikebygdkrinsen hadde utdanna 100 kulturlosar som guida folk gjennom landskapet, og kunstnarar frå Hardanger og Nordisk Kunstnarsenter hadde landskapskunst langs løypa. I samband med hundreårsmarkeringa blei det også på Ullensvang hotell arrangert ein stor nasjonal konferanse ”Fruktbar framtid” med nærmare 200 deltakarar og med kjende internasjonale innleiarar. Markeringa i Hardanger blei avslutta på Hotell Ullensvang med ei nasjonal festkveld ”Landskapet i kunsten” med nokre av nasjonen sine fremste musikarar og artistar. Det heile vart leia av professor i kunsthistorie Gunnar Danbolt.

Stafettpinne ift Streif gjekk vidare til åtte andre spennande kulturlandskap i fylke vårt. Kvar tur hadde eit eige tema som synte mangfaldet av kulturlandskap, historie og ikkje minst menneske som lever i og av landskapet. På kvar tur ønskte vi å gje deltakarane ein ”smak av landskapet” ved servering av lokalprodusert mat. Til saman 8000 menneske var med på dei ulike Streifa i Hordaland.

Streif og satsing på kulturlandskapet gjev grunnlag for ei vidare satsing. Vi vil i 2006 retta fokus mot kulturlandskapet som utgangspunktet for næringsutvikling gjennom eit prosjekt der det vert fokus på at eigarane av landskapet / bøndene får sin del av pengane som turistane legg igjen i bygda. Dette kan gjerast gjennom samarbeid og større fokus på landskapet som oppleving i bygda.

I jordbruksoppgjeret for 2005 vart det bestemt at SMIL skulle gjennomgåast for å få ein status om både forvaltning og resultat etter at ansvaret vart overført til kommunane. Vi meiner denne gjennomgangen, i regi av SLF, er viktig. Vi ser at det er eit visst spenn mellom kommunane i Hordaland når det gjeld korleis dei handterer ordninga. Dette går t.d. på tema som ressursbruk, økonomistyring, sakshandsaming og strategitenking. Samstundes som det er ein auke i talet på saker, kan vi ikkje sjå at kommunane enno har teke i bruk breidda av ordninga, eller i særleg grad set fokus på lokale verdiar og satsingsområde.

## **Resultatområde 22.2 Tiltak for å redusere forureining**

### *Vurdering og tilstand*

Forureining frå landbruket er i Hordaland knytt til manglar på tekniske anlegg og feil bruk av gjødsel og silopressafta. I følgje rapport frå ”Overvaking av eutrofieringskvalitet i Hordaland 2002” er det svært få vassdrag i fylket som i dag er i faresona. Likevel er det trong for at næringa viser varsemd med handtering av husdyrgjødsel i område med intensiv drift og sårbare vassdrag. Det er i liten grad problem med generell overflateavrenning og utvasking av næringsstoff på grunn av haustpløying i åkerbruket. Dei tekniske anlegga for gjødsel og silo er gjennomgåande langt betre enn dei var for 15 år sidan og det finst forskrifter og retningsliner for gjødselhandtering og siloanlegg for å hindre forureining.

Når det gjeld plantevernmidlar er det eit kontinuerlig arbeid innan landbruket for å minimere omfanget. Næringa ønskjer å stimulere til økologisering av produksjonane for å minimalisere bruken av plantevernmidlar.

Ved handtering av husdyrgjødsel, plantevernmidlar og avfallshandtering er det naudsynt med kunnskap om årsakene til forureining, og auka forståing og respekt for regelverket.

### **Resultatområde 22.3 Miljøprogram og miljøplan**

#### *Miljøprogram og miljøplan*

Hordaland fylke var i 2004 eitt av dei to pilotfylka i Noreg som starta arbeidet med utforming av Regionalt miljøprogram. I jordbruksoppgjøret 2005-2006 vart vi løyvd 16.3 millionar til fordeling til programmet. Ved søknadsomgangen blei det fordelt 15.7 millionar, resten av løyvinga er sett av til manuelle utbetalningar eller klagar. Løyvinga blei fordelt på resultatområda attgroing og verdifulle kulturlandskap.

Programmet vart justert i 2005 ved at ordninga tilskot til jordarbeiding vart tatt ut av programmet og at det vart etablert ei ny ordning med tilskot til utegangarsau. Bakgrunnen for at ordninga tilskot til jordarbeiding vart tatt ut, er at denne type miljøtiltak ikkje er tilpassa våre regionale tilhøve. Det meste av fulldyrka areal i fylket er varig eng som ikkje vert pløgd.

Det meste av arbeidet med regionalt miljøprogram gjekk til iverksetjing av forskrifter og utarbeiding av rettleings- og søknadsmateriell.

#### *Informasjons- og utviklingstiltak*

Arbeidet med informasjon og utvikling knytt til både miljøplan og regionalt miljøprogram er prioriterte tiltak ved avdelinga. Strategiane frå arbeidet med Regionalt miljøprogram har blitt nytta ved prioritering av tiltak og bruk av dei løyvde midlane.

Tiltak som har blitt gjennomførde er mellom anna:

- Informasjon til gardbrukarane om programmet på møte, mark dagar, artiklar.
- Utviklingstiltak for kartlegging av prioriterte kulturmarkstypar.
- Kopling av satsing på landskap med næringsutvikling.

### **Resultatområde 22.4 Økologisk landbruk**

Fylkesmannen i Hordaland har utarbeidd handlingsplan for økologisk landbruk for perioden 2002-2006. I 2005 starta arbeidet med revidering av denne, eit arbeid som skjer i eit samarbeid med Hordaland og Sogn og Fjordane. Desse to fylka har mykje til felles og landbruksavdelingane har eit nært samarbeid med Oikos Vest - organisasjon dekkjer begge fylka.

#### *Nasjonalt pilotprosjekt økologisk sauehald*

Som ein del av pilotprosjektet Økologisk sauehald på Vestlandet fekk Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) i oppdrag av Fylkesmannen i Hordaland å sjå på utviklinga i økonomien i økologisk sauehald på Vestlandet.

Oppdraget har vore å sjå om det er liv laga for økologisk sauehald på Vestlandet, og svaret frå NILF er ja. I NILF si undersøking viser dei økologiske bruka betre lønsemd enn dei konvensjonelle samanlikningsbruka. Mykje kan tyde på at dei økologiske bøndene i utgangspunktet er svært dyktige bønder som ønskjer å drive garden på ein god måte.

Det er stor spreing i materialet. For dei bruka som har stort produksjonsomfang, betyr økonomien meir enn for dei minste bruka. Dei må drive profesjonelt og pris, kvalitet og mengd omsett kjøtt betyr mykje meir for dei store enn for dei mindre bruka, og har difor det beste resultatet.

### **Resultatområde 22.5 Tre og miljø**

Miljøregistrering knytt til skogbruksplanlegging går etter planen. Hovudplan for skogbruksplanlegging er frå januar 2004. Det vert vist til rapportering mot NIJOS i TSKOG. Sertifisering av Skogeigarlaget Vest inneber at dei må oppfylle gitte miljøkrav.

Planta gran er på det næraste avslutta (490 dekar i 2005). Skogfagleg er det ikkje bra sett i forhold til den flotte kvaliteten av sagtømmer som no vert produsert i eldre bestand.

Sitka gran: det har vore arbeid aktivt med problematikken rundt spreing av dette treslaget i ytre strøk. Det er òg eit stort lokalt engasjement for å fjerne dette treslaget.

### **Resultatområde 23. Ressurs – og eigedomspolitik**

#### **Resultatområde 23.1 Samfunnsplanlegging**

*Bruk av kontantmidlar for 2005, geovekst Hordaland*

Bruk av geografiske informasjonssystem (GIS) har i 2005 hatt sterkt fokus på tilrettelegging og brukarstøtte i samband med bruk av lokale innsynsløysningar som vedtaksgrunnlag i saksbehandlinga. Det har vore gjennomført fleire større prosjekt i dei ulike avdelingane der bruk av geografiske informasjonssystem har vore eit sentral verktøy. Til dømes kartlegging av vasskvalitet etter EU-direktivet, utarbeiding av rettleiar for samfunnstryggleik og arealplanlegging på Vestlandet og kartlegginga av landbrukets kjerneareal, som vil halde fram i 2006.

Deltakinga i Noreg Digitalt har gitt tilgang til mange nye datasett og ein har i samarbeid med dei andre regionale partane starta arbeidet med korleis Noreg Digitalt skal fundamentast i Hordaland. Fylkesmannen vil i lag med Statens kartverk og Hordaland Fylkeskommune vere ein pådrivar i dette arbeidet.

Eit viktig mål i Noreg Digitalt har vore å få synleggjort geografiske data for innbyggjarane. Som ein del av dette har Fylkesmannen vore med i interkommunale prosjekt i Nordhordland og Bergen og omland der det no er på plass internettløysingar av høg kvalitet og med stort potensiale

Geovekst (kartsamarbeid) starta opp heildekkande kartlegging i Fusa og Jondal. Dermed ser ein no slutten på ferdigstilling av første generasjons digitale kart for Hordaland. Ortofoto (flyfoto) er etablert for midtre deler av fylket. I tillegg er planane på plass for ferdigstilling av ortofoto for dei siste 6 kommunane i fylket.

#### **Resultatområde 22.3 Jordvern**

Fylkeslandbruksstyret har også i 2005 i all hovudsak vore klageinstans for kommunale vedtak etter jordlova, konsesjonslova og odelslova. I tillegg fungerer fylkeslandbruksstyret som ein viktig uttaleinstans etter plan- og bygningslova. Fylkeslandbruksstyret handsama til saman 34 klagesaker etter jordlov, konsesjonslov, odelslov mv og gav uttale til 25 plansaker.

Fylkesmannen gav også uttale i 1820 saker etter Plan og bygningslova, av disse var det 1188 dispensasjonssaker.

Svært få delingssaker blir truleg nekta, og vi har i realiteten ikkje noko system for måling av kva som skjer i kommunane. KOSTRA er så langt ikkje utvikla til å fange opp dispensasjonssaker.

Vi har i 2005 hatt ein tett dialog med kommunane på dette området. Det blei gjennomført ein stor jordvernkonferanse i Bergen i februar med 125 deltakarar der jordvern, kulturlandskap og næringsutvikling var tema. Dei fleste kommunane i fylket var representerte både med politikarar og administrasjon.

Landbruksavdelinga har gjennom fleire år sett fokus på jordvern og har ved bruk av bilde og bildemanipulering prøvd å synleggjere endringane i landskapet dei siste 50 åra. Dette materialet blei sendt alle kommunane, og det har også i 2005 vore brukt flittig som formidlingsmetode og har ført til tett dialog.

I mai 2005 kom rettleiaren for kjerneområde landbruk frå LMD. Den tek for seg registrering og prioritering av viktige område for jordbruk og kulturlandskap, og vil vera utgangspunkt for vidare arbeid med kartlegginga i Hordaland. I august/september vart det halde fire regionale samlingar for dei landbruksansvarlege i kommunane. Eit av tema var kjerneområde landbruk. Det vart informert om innhaldet i rettleiingsheftet og om kva hjelp kommunane kan få til kartlegginga frå Fylkesmannen.

Kartlegginga vil vere viktig som ein del av dei langsiktige prioriteringane som kommunen gjer i arealplanlegginga.

## **Resultatområdet 24:           Inntekts- og velferdspolitiske tiltak.**

### **Resultatområde 24.1           Tilskotsforvaltning**

Produksjonstilskot har i år 2005 vore ein svært velfungerande ordning. Det har ikkje vore nemneverdige problem med WESPA -og ein har hatt ein god del av føretaka som har registrert søknadane sjølve.

Største feilkjelde i 2005 har vore mangelfulle lister over slakteleveransar frå slakteria, og avløyingsordninga. Slakteleveransane er ei feilkjelde som ligg utanfor forvaltninga, men dei har direkte innverknad. Når det gjeld avløyingsordninga føler ein at m.a. systemet som vert levert frå SLF er ei feilkjelde. Forbettringspotensialet har til tider vore stort for denne ordninga!

#### *Etter og vidareutdanning*

Styret har i år fordelt EVL-potten på kr 317 000 som ei fellesløyving til:

BSF Hordaland 217 000 kr

Fagskulane ( Voss og Stend jordbrukskule + Hjeltnes gartnaraskule) 100 000 kr

Vi har fått tilleggsløyving frå Fondet for Etter- og Vidareutdanning i landbruket på kr 81 500 etter at EB-styret i Hordaland hadde styremøte. Samla løyving for 2005 til EB-kurs i Hordaland vart 398 500 kr.

## **Resultatområde 25**

### **Kommunane som landbrukspolitisk aktør**

#### **Resultatområde 25.1 Kompetansesenter**

Fylkesmannen prioriterer ein god dialog med alle landbruksfaglege miljø i fylket, vi har også etablert ein svært god dialog med forskning og universitetsmiljøet. I 2005 har vi etablert fellesprosjekt både med NHH, Uib, BAS (Berge arkitektskole) og Rokkansenteret. Gjennom godt samarbeid med Sparebanken Vest har vi fått i stand fleire prosjekt der sparebanken går inn med midlar til landbruksbasert bygdeutvikling.

Vi har eit tett samarbeid med Fylkeskommunen og IN ift regionalt næringsarbeid.

Vi hjelper kommunane i faglege spørsmål og gjennomfører faglege kurs og samlingar for dei ( sjå under 25.2.) Vi har årlege dialogmøte med Landbrukets Forsøksringar avd Hordaland og med Bioforsk avd. Furuneset og Ullensvang.

Det vert halde ein jamleg dialog med Hordaland Bondelag, Hordaland bonde- og småbrukarlag og skogeigarlag ift til prioriterte oppgåver og tildeling av virkemidlar både på næringsutvikling og miljø.

Fylkesmannen hjelper også med kompetanse inn i nettverksarbeid ift til satsinga Inn på Tunet og mot reiselivsbedriftene. Vi har eit tett og godt samarbeid med alle nettverket på mat og skogsida, det gjeld t. d. Tine, Gilde, Matforsk, Kulturakademiet på Voss, Fagskolane og Granvin Bruk. Gjennom satsing på mjølk og sau har vi delteke med kompetanse inn mot næringa både når det gjeld byggetekniske spørsmål, beitespørsmål og samarbeid og samdrift.

#### **Resultatområde 25.2 Landbrukspolitisk dialog med kommunane**

Dette er eit prioritert område for avdelinga og viser her eksempel på nokre av dei aktivitetane vi har hatt i 2005; Det har vore gjennomført to fellessamlingar for alle kommunane, ein med tema jordvern og ein med tema næringsutvikling.

I 2005 har det vore gjennomført åtte kommunemøte der ordførar, rådmenn og andre frå administrasjonen har vore til stede.

Det har vore gjennomført fire regionale samlingar med administrasjonen i kommunane der fagområde SMIL / NMSK og kjerneareal har vore tema

Det har vore gjennomført fleire kurs/samlingar i kommunar det politikarane har vore målgruppa, tema areal / jordvern og null-konsesjon

Det har vore gjennomført mange møte i kommunane med tema landbruksplan. Her har landbruksavdelinga vore faglege innleiarar i samband med diskusjon og gruppearbeid.

#### **Resultatområde 25.3 Miljøvirkemidlane**

(Miljøvirkemidlane i jordbruket og dei økonomiske virkemidlane i skogbruket)

Dei økonomiske virkemidlane på kulturlandskap (SMIL) og miljøvirkemidlar i skog (NMSK) er overførte til kommunane for avgjerd. Frå kommunane er det meldt om auka aktivitet. Som grunnlag for dette viser kommunane til dei utarbeidde strategiplanane. Strategiane er kommunen sin hovudinformasjon til Fylkesmannen og er eit viktig grunnlag for fordeling av

årskvotene. Fleire kommunar har i løpet av året oppdatert strategiplanane sine for å fange opp nye prosjekt og utfordringar.

#### *SMIL*

Fylkeskvoten på SMIL var på 7,7 mill.kr, men saman med inndregne midlar vart det totalt gitt tilskot på 9,8 mill.kr,. Tal saker har auka sett i høve til fjoråret. Det er meldt inn om lag 450 saker, inkl. avslagssaker. Det utgjør ein auke på vel 30% frå 2004. Det er ein svak tendens til nedgang i saker som gjeld verneverdige bygg. Det er helst mindre bygg i kulturlandskapet og på stolar det vert gitt tilskot til, med unntak av nokre bustadhus. Når det gjeld landskapstiltak er det ein auke i talet på saker, særskilt gjeld dette tiltak for å ta vare på gammal kulturmark gjennom ryddings- og gjerdingsarbeid.

#### *NMSK*

På ordninga NMSK var det løyvd 5,6 mill, det meste er brukt til skogsvegbygging. Etterspørselen etter midlar til skogsvegbygging har vore høg. Det motsette er tilfelle på skogkultursida.

### **3.7 MODERNISERINGSDEPARTEMENTET**

#### **Resultatområde 001           Kongelege besøk**

Fylkesmannen er Kongens representant i fylket, og i 2005 hadde vi seks besøk av Kongehuset.

#### **Resultatområde 002           Tildeling av ordenar og medaljar**

Fylkesmannen førebur saker for Kongens fortenestemedalje og gjev innstilling til Kongen i desse sakene. Det blei delt ut 10 gullmedaljar og 29 sølvmedaljar i 2005. Fylkesmannen delte sjølv ut alle gullmedaljane og nokre av sølvmedaljane.

### **3.8 MILJØVERNDEPARTEMENTET**

#### **Resultatområde 01            Bærekraftig bruk og vern av biologisk mangfald**

Den største milepålen innan arbeidet med biologisk mangfald i 2005 var opprettinga av verneområda Folgefonna Nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde, som vart vedteken ved Kongeleg resolusjon 29.april.

Vestnorsk fjordlandskap, som består av Nærøyfjorden og Geirangerfjorden, vart i juli innskrive på Unesco si verdsarvliste. Dette er dei første naturområda i Noreg på denne lista. Det er venta at denne prestisjefylte statusen vil gje positive ringverknader for områda.

Arbeidet i 2005 har gått på organisering av felles overbygning og for delområda kvar for seg. Dessutan er arbeidet starta opp med tilrettelegging for ei offisiell markering av verdsarvstatusen i 2006.

Fylkesmannen overtok dessutan koordineringsansvaret for Hardangervidda, som dei seinaste åra har lege til Telemark. I samband med det vart det mellom anna halde fellesmøte med tilsynsutvala og embeta i Buskerud og Telemark.

Samarbeidet med Statens naturoppsyn vart utvikla vidare, og av større skjøtselsprosjekt i verneområdar kan nemnast utdrift av framande treslag frå Otterstad Naturreservat i Modalen kommune.

Overvaking av den urovekkjande situasjonen for hekkebestandane av fleire sjøfuglartar held fram. Situasjonen for dei aller fleste fiskeetande sjøfuglartane er no dramatisk over det meste av Vestlandet, og Fylkesmannen har teke initiativ til å samordne forvaltninga av marine ressursar som fisk og sjøfugl på Nordsjøkysten betre enn tilfellet så langt har vore.

#### *Vern av villaksen*

I 2005 har det vore lagt mykje vekt på å vidareføre arbeidet med å finne årsaka til nedgangen i stamma av vossolaks. Vi har mellom anna arrangert eit forskingsseminar på Voss, der konklusjonane frå forskinga i 2005 blei lagde fram, og planarbeidet for 2006 blei starta. Det har og vore vidareført og sett i verk ei rekkje tiltak for å betre forholda for vossolaksen, utan at ein har lukkast med å restaurere stamma.

Det har også i år vore naudsynt å fokusere mykje på dei truga villaksstammene i Hardanger. Men av di lakseoppdrettsnæringa i Hardangerfjorden har teke viktige initiativ for å rydde opp i det alvorlege lakselusproblemet dei har skapt, har noko av vår innsats på området vore å stimulere og framheve deira innsats. Vi har teke initiativ til ei rekkje presseoppslag om temaet, og lukkast med å få fylkeskommunen til å tildele sin miljøpris til fiskeoppdrettarane som står bak dette tiltaket.

Talet på vassdragsutbyggingssaker der vi må vurdere skadeverknader på lakse- og sjøaurestammene har halde fram å auke monaleg. Også innan arbeidet med grovkarakteriseringa av vassdrag i tråd med EUs vassdirektiv, har det vore naudsynt å ta særleg omsyn til stoda for dei ville laksestammene.



## **Resultatområde 04 Overgjødning og oljeforureining**

### *EUs vassrammedirektiv*

Grovkarakteriseringa av alle vassdrag og kystområde i Hordaland vart gjennomført i 2004 som grunnlag for detaljkarakterisering av vassførekomstar som ikkje har eller vil ha god økologisk status i 2015. Resultata av arbeidet er sende inn til Statens forureiningstilsyn. Rammer for dette arbeidet er gjevne i ny forskrift om vassforvaltninga som vart lagt ut til høyring like før jul.

## **Resultatområde 05 Helse- og miljøfarlige kjemikalium**

### *PCB og andre miljøgifter*

Arbeidet med [Tiltaksplanen Bergen havn fase II](#) vart avslutta ved utgangen av året. Rapporten inneheld mellom anna resultata frå Norges Geologiske Undersøkelser si kartlegging av PCB-kjelder på land, og undersøkingar og modellutrekningar.

Rapporten er oversendt Statens forureiningstilsyn for vidare handsaming.

Arbeidet med kartlegging av [DDT-kjelder langs Sørfjorden](#) heldt fram i 2005, og ein rapport vil bli lagt fram i 2005. Det er gjennomført intervju med fruktbønder utan at vi har funne sikre kjelder, og nokre undersøkingar i sjø og på land er gjennomførte. Det er venta at eit større prosjekt vil bli sett i gang i løpet av 2005 for å fullføre kartlegginga. Både SFT og landbruksstyresmaktene støttar ein slik tanke.

*Prosjektet [Grunnforureining 2005](#) er snart fullført. To av 11 grunnforureiningsområde står att før målet om undersøking og tiltaksvurdering er nådd. Utfasing av [PCB-haldig armatur](#) vil bli kontrollert i 2005. [Toppen av sida](#)*

## **Resultatområde 07 Klimaendringar, luftforureining og støy**

### *Støy i plansaker*

Fylkesmannen arrangerte i 2005 dagskurs om dei nye støyretningslinene for kommunar, konsulentar og aktuelle statlege etatar.

Vi har auka fokus på korleis støy er handsama i saker etter plan- og bygningslova og arbeider aktivt for at kommunane med flest støykjelder ved rullering av kommuneplanens arealdel, legg inn støysoner på plankartet. Utviklinga går i retning auka medvete knytt til støy, og støyutgreiningar i samband med kommunale og private detaljplanar.

## **Resultatområde 09 Regional planlegging**

Auken i mengd saker etter Plan- og bygningslova held fram. Om lag 1809 saker vart handsama, av dette 27 kommuneplansaker, 569 reguleringsplanar og 1187 dispensasjonar frå vedtekne planar. I tillegg er det medverka til rullering av fylkesplanen. Fylkesmannen fann det i 2005 naudsynt å fremje ei eller fleire motsegner til 46 planar. I tillegg registrerer vi diverre at kommunane framleis i aukande grad har tillate dispensasjonar, noko som har gjort at talet saker embetet har måtta påklaga også har auka. For å oppfylle nasjonale mål for arealforvaltninga, særleg i høve til strandsonevernet, vart det påklaga 85 saker.

Innanfor dei rammene vi har hatt til rådvelde, er kommunedialog og samarbeid med regionale styresmakter prioritert. Samarbeidet med Hordaland fylkeskommune om ein rettleiar for naustbygging er eit døme på dette. Samstundes vart det retta sterkt auka fokus på temaet barn og unge i planlegginga og på universell utforming, mellom anna på det årlege planseminaret i Bergen og på Solstrandkonferansen, der politisk og administrativ leiing i kommunane var med. Det vart og halde samrådsmøte med Statens vegvesen.

Embetet har elles vidareutvikla samarbeidet mellom avdelingane. Plangruppa har faste representantar frå alle avdelingane, noko som gjer embetet i stand til å fronte nasjonale mål for arealforvaltningane på tydelegare og betre mot våre samarbeidspartar.

## **Resultatområde 11                    Tverrgående verkemiddel og fellesoppgåver**

### *Landsdekkjande kontrollaksjonar*

Fylkesmannen har teke del i fire landsdekkjande kontrollaksjonar i samarbeid med Statens forureiningstilsyn (SFT).

Aksjonane var retta mot;

- PCB-haldige kondensatorar i lysarmatur og isolerglasruter med PCB. Sjå artikkel Byggeigarar må ta større ansvar for PCB-avfall.
- Notvaskeri og notimpregnering. Sjå artikkel Tre av fire notverkstader stetta nye krav
- Mottakskontroll av deponi, sorteringsanlegg og forbrenningsanlegg. Sjå artikkel Avfallsanlegg må bruke fleire gule kort.
- Bilopphoggarar. Sjå artikkel Mykje å retta på

Ved desse aksjonane blei det gjennomført til saman 81 inspeksjonar. Omtale av resultata av dei ulike aksjonane finn ein ved å følgje linken.

I tillegg er det gjennomført 11 inspeksjonar på andre felt der fylkesmannen er forureiningsstyremakt. Vi brukte 95 vekeverk på forureiningstilsyn i 2005 mot 75 året før. Sjå tilsynsrapportane.

### *Miljøstatus*

Miljøstatus i Hordaland er vidareutvikla og inneheld informasjon om miljøtilstand og utvikling. Nettstaden er av dei mest besøkte fylkesrapportane i landet. Informasjonen er gjennomgått og fleire tema er oppdaterte i 2005. Nøkkeltal som viser status i Hordaland i forhold til måla i miljøpolitikken er oppdaterte for ein del område i løpet av året, og arbeidet med dette vert ført vidare i 2006.

### **3.9 UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENTET**

#### **Resultatområde 31.1**

#### **Tilsyn**

I hovudsak bruker Fylkesmannen revisjonstilsyn på aktuelle område gitt i elektronisk oppdragsbrev og andre dokument. I tillegg blir det utført tilsyn gjennom samtalar med kommunar og friskolar utifrå enkeltsaker som kjem til oss. I samband med forsvarlege elevgrupper etter Opplæringslova § 8-2, er tilsynet gjennomført etter liste mottaken frå Utdanningsdirektoratet. I 2005 har det vore spesiell vekt på Opplæringslova kapitla 5 og 9-a. I denne samanheng har Opplæringslova § 13-10 vorte trekt inn.

#### *Omfang av tilsynet:*

Friskolar:

Adventkirken:	Friskoleloven § 2-4 og Opplæringslova § 9a-3
Sonans:	Friskoleloven § 2-4 og Opplæringslova § 9a-3
Bårdar	Friskoleloven §§ 2-4 og 7-2
Bergen bibelskole Bildøy	Friskoleloven § 7-2.

Kommunar:

Askøy kommune:	Opplæringslova kap 5
Bergen kommune:	Opplæringslova kap 5
Fjell kommune:	Opplæringslova kapitla 5 og 9a og Forskriftene §§ 2-3 og 3-1
Øygarden kommune:	Opplæringslova kap 9a med hovudvekt på § 9a-2
Sund kommune:	Tilskotforvaltninga leirskole, minoritetsspråklege og elevar i vaksenopplæringa.

I tillegg tilsyn med 10 kommunar etter liste frå Utdanningsdirektoratet om avvik i gruppestorleik etter Opplæringslova § 8-2.

I tilsynsrapportane går det fram kva som er funne av avvik og merknader. Det har ikkje vore naudsynt å gje kommunar eller friskolar pålegg om å rette opp avvik.

#### *Tilsyn med Hordaland fylkeskommune:*

Tilsyn i høve til gratisprinsippet, Opplæringslova §3-1, niande ledd, jf oppdrag frå Utdanningsdirektoratet i brev av 20.09.05. Utdanningsdirektoratet bad Fylkesmannen føre tilsyn med at fylkeskommunen som skoleeigar ikkje bryt lovas krav i høve til å påleggje elevar i vidaregåande opplæring om å kjøpe inn berbar PC. Utdanningsavdelinga har sendt brev til skolane og Hordaland fylkeskommune om saka.

Hordaland fylkeskommune har hatt saka oppe i fylkesutvalet 19. mai 2005, der dei gjorde følgjande vedtak: "Fylkesutvalet kan ikkje tilrå at skolar på generelt grunnlag set i verk obligatorisk bruk av berbare PC'ar for elevane. Skolen må ta omsyn til departementet sine kriteria for å krevja at eleven sjølv skal halde seg med berbar PC." Vedtaket er gjort kjent for skolane. Alle skolane har og meldt tilbake, og det viser at ingen skolar pålegg elevane å kjøpe PC.

På bakgrunn av dette finn ikkje Fylkesmannen at det skjer avvik frå gratisprinsippet på dette området.

### Settetilsyn

Fylkesmannen har utført settetilsyn i to elevsaker frå eit anna fylkesmannsembete. Sakene galdt skolegang for to elevar. Desse sakene var svært tidkrevjande.

### Resultatområde 31.2

### Klagebehandling

Klagestatistikk 2005

Det er tatt med saker som klageorganet har fatta vedtak i.

### Forskrift om likeverdig behandling av barnehagar i høve til offentlege tilskot og foreldrebetaling

	Medhald	Delvis medhald	Avslag	Retur/ny vurdering /avvist	Sum
Kommunar/barnehagar	29	2	4	11	46

### Klage i grunnskolen:

	Medhald	Delvis Medhald	Avslag	Retur/ny vurdering /avvist	Sum
Skyss	2	1	20	3	26
Standpunktkarakterar i fag, orden og åtferd*	7	-	44	135	186
Resultat etter kom. beh. (fag) Vi manglar tilbakemelding på 4 saker	46		85		
Standpunktkarakterar*	46	-	85	179	179*
Munnleg avgangsprøve i grunnskolen	2	-	1	-	3
Bortvisning § 8-1, 3. ledd	-	1	1	1	2
Morsmål	-	-	4	-	4
Kapittel 9A	-	2	-	-	2**
Skoleplassering § 8-1, 1.ledd.	4	-	-	14	18
Skolestart, utsett/framskutt	1	-	4	-	5
Spes. ped. hjelp § 5-7	11	-	2	3	16
Spesialundervisning §5-1	28	8	27	12	75
§ 4A-2 vaksne	1	-	12	-	13
Gratis opplæring	2	-	-	2	4
Opplæring i heimen	-	-	1	-	1
Permisjon	-	-	1	-	1
KRL	-	-	1	1	2
Pedagogisk forsvarlege grupper. 10 saker	-	-	-	-	Gj.iført som tilsyn
Lovlighetskontroll	-	-	-	-	Tatt i rapporten
2 saker ikkje tatt til følgje					tidlegare

Sum	-	-	-	-	358
-----	---	---	---	---	-----

\* For standpunktarakter er det tatt med resultat av ny kommunal handsaming.

\*\* Ei av sakene vart løyst utan å fatte vedtak.

### Klage i vidaregåande opplæring:

Klager spesialundervisning	Medhald	Delvis medhald	Avslag	Retur/ny vurdering /avvist	Sum
Spesialundervisning § 5-1		-	3		3
Særskilt prioriterte grunnkurs § 3-1			1		1
Andre saker 4. og 5. år	2		1		3
Sum					7

Saksbehandlingstida ligg på 4-5 veker i gjennomsnitt.

### Resultatområde 32.1 Nasjonale prøver, avgangsprøver, eksamen

*Avgangsprøvene i grunnskolen*

Prøvene gjennomført utan avvik.

#### *Eksamen i vidaregåande opplæring*

Utdanningsavdelinga har god kontakt med dei andre kontora på sørvestlandet i samband med gjennomføring av sensur for sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring. Vi har ikkje hatt problem i samband med gjennomføringa som er naudsynt å ta opp sentralt. Vi vil likevel sterkt oppmode Utdanningsdirektoratet om å igjen å innføre faste møte to gonger i året med fylkesmannsembeta om eksamen og dokumentasjon.

Vi har og jamleg møte og kontakt med fylkeskommunen i samband med oppmelding av elevar og privatistar og gjennomføring av sentralt og lokalt gitt eksamen. Omorganisering av eksamenskontoret i fylkeskommunen har ført til ein del praktiske problem som vi førebels har løyst lokalt.

Når det gjeld klagehandsaming etter sentralt gitt eksamen, har det i ein skilde fag vist seg vanskeleg å få tak i klagenemndsmedlemmar. Dette har mellom anna med den økonomiske godtgjersla å gjere.

Fylkesmannen i Hordaland arbeider for tida med problem knytte til kandidatar som ønskjer å klage etter forskrift til Opplæringslova § 5-11; klage over eksamensresultat ved andre/ikkje-skriftlege eksamenar i vidaregåande opplæring. I praksis er klageretten etter ulike variantar av kombinasjonseksamenar (skriftleg/munnleg, praktisk/munnleg) vanskeleg å behandle.

#### *Nasjonale prøver*

Utdanningsavdelinga har rapport direkte til Utdanningsdirektoratet om ulike praktiske problem som oppstod ved avviklinga av dei nasjonale prøvane første halvår 2005. Avviklinga kravde ei omfattande organisering:

- kurs for lærarar
- utsending av prøver m/informasjonsmateriell til kvar skole
- avvikling av prøvene på skolane
- informasjon til føresette

- vurdering av prøvene
- sending av prøver til eksternvurderar 1 og vidare til eksternvurderar 2.

Det svikta i ulike ledd, frå sentral utsending av prøvene på rett målform til at eksternvurderarane oppfatta informasjon ulikt og dermed skapte uklarleik ved lokale kurs i fylket.

Vi har også hatt dialog med Utdanningsdirektoratet om vanskar med å refundere frikjøp av eksternvurderarane, då arbeidsgjevar har ulike måtar å rekne dette på og Utdanningsdirektoratet ikkje hadde gitt tydeleg føring på korleis dette skulle reknast ut. Ordninga med eksternvurderarar blei derfor ei svært dyr ordning.

### **Resultatområde 32.2 Skoleporten.no**

Fylkesmannen har gjennom sitt arbeid med skoleporten.no erfart at den enno ikkje er eit godt nok verktøy for skoleeigarar og skoleleiarar. Likevel blir nok skoleporten.no brukt, men i mange tilfelle vel skoleeigar og skoleleiar også å gå direkte til kjeldene, t.d. til KOSTRA, elevinspektørane og GSI. Dette har samband med at der ligg fleire tilgjengelege data, i alle høve i GSI og KOSTRA, og i tillegg er rapportverktøyet betre.

### **Resultatområde 33.2 Kompetanseutvikling**

I januar 2005 hadde Utdanningsavdelinga første møtet i Samarbeidsgruppa for kompetanseutvikling, jf. Strategi for kompetanseutvikling i grunnopplæringa 2005-2008. Gruppa er sett saman med representantar frå universitet, høgsolar, kommunane, fylkeskommunen, KS, Utdanningsforbundet og Fylkesmannen. Gruppa har initiert kartlegging av kompetansebehovet i fylket i samband med innføring av Kunnskapsløftet og drøfta kapasitet og form på etter- og vidareutdanning for lærarar. Gruppa hadde til saman 3 møter i 2005. Utdanningsavdelinga har og hatt informasjonsmøte med friskolane og kommunane om Kunnskapsløftet.

På bakgrunn av oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet datert 19.01.2005, sende Utdanningsavdelinga brev til kommunane og friskolar og bad om:

- 1) framdriftsplan for kva tid kompetanseutviklingsplanen skulle vedtakast i kommunestyret
- 2) Prioritering av behov for kompetanseutviklingstiltak etter kartlegging i kommunen.

Frist for innsending til fylkesmannen var 15. mars.

Utdanningsavdelinga sette ingen bestemt frist for innsending av plan for kompetanseutvikling og vedtak frå kommunestyret /skoleeigar. I september hadde vi mottatt plan frå dei fleste kommunane, og desse blei lagde ut på nettsida til Fylkesmannen. Vi måtte purre 3 kommunar og fleire frittstående skolar utover hausten, før vi fekk vedtatt plan for kompetanseutvikling. 2 frittstående skolar har ikkje levert plan, og såleis ikkje blitt tildelt midlar til kompetanseutvikling.

Kommunane og friskolane blei også bedne om å kartleggje behov for vidareutdanning i 2. framandspråk, med tanke på tildeling av øyremerka midlar til dette føremålet. Etter kartlegginga var behovet stort, om lag 150 personar, men dette blei redusert til 114 då kommunane sendte endeleg søknad om midlar. Dei fleste lærarane var interesserte i

vidareutdanning i spansk, som Universitetet i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund gav tilbud om.

Utdanningsavdelinga har sett ned ei arbeidsgruppe for analyse og vurdering med representantar for kommunar, fylkeskommunen, KS og Utdanningsforbundet. Gruppa skal fungere som ei kompetansegruppe og medverka til å byggje opp vurderingskompetansen hos skoleeigar. Gruppa legg til rette for tiltak som vurderingskonferansar/seminar, fagseminar med faste kontaktpersonar frå kommunane og fylkeskommunen, utarbeiding av skriftlege notat med konkrete døme, drøfting av aktuelle problemstillingar m.m. og å kunne vere samtalepartnar for kommunar/regionar.

### **Resultatområde 33.3 Forsøk og utvikling**

I samband med rundskriv F-03-05 Om adgang for kommunane til å søke om å kunne ta i bruk nye læreplanar og ny fag- og timefordeling for grunnskolen frå og med opplæringsåret 2005-2006, rettleia Utdanningsavdelinga skoleeigarar og handsama søknader om å ta i bruk ny læreplan.

Utdanningsavdelinga har følgd opp utviklingsprosjektet ”Veiledning av nyutdannede lærere”, som Utdanningsdirektoratet utlyste for UH-sektoren. Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Lærarhøgskolen Lærarakademiet tek alle del i prosjektet.

Norsk Kulturskoleråd inviterte hausten 05 til deltaking i eit treårig utviklingsprosjektet som har fått namnet: Kreativt OppvekstMiljø (KOM). KOM er eit utviklingsprogram for kulturskolar og grunnskolar der målet er å auke volum og sikre kvalitet på kulturelle opplevingar i skole og lokalsamfunn. Prosjektet skal utvikle kulturproduksjonar, auke formidlingskompetanse og gjere deltakarane i stand til å utarbeide gode gjennomføringsmodellar for kulturproduksjonar, gjennom eigenaktivitet og oppleving.

Norsk kulturskoleråd i Rogaland og Hordaland, med støtte frå fylkesmennene i dei to fylka, søkte samla på prosjektet og fekk tilbud om å få med 20 kommunar. Fylkesmannen i Rogaland, saman med kulturskolerådet, har teke på seg prosjektleiaroppdraget, og Fylkesmannen i Hordaland deltek i ei referansegruppe som fellesrepresentant for dei to fylkesmennene saman med representantar for høgskolar, universitet, Den kulturelle skolesekken og kulturskolane i begge fylka. Til saman 21 kommunar (grunnskolar og kulturskolar) i dei to fylka er, etter søknad, komne med i prosjektet som har oppstartskonferanse i februar 2006. I samband med prosjektet er det oppretta nettverksgrupper mellom Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Universitetet i Stavanger.

Fylkesmannens arbeid med EU-programma går i hovudsak ut på å gje informasjon om EU-programma på eigne heimesider (eiga fagside), og via e-post til skoleeigarar.

Når det gjeld nettverk mot UH-sektoren har nettverket av fokusskolar i Hordaland årlege møte i regi av Fylkesmannen, der det lokale utviklingsarbeidet er tema.

Det er også oppretta eit nettverk/ei ressursgruppa for lærarar som underviser vaksne framandspråklege, og denne gruppa hadde møte med UiB – Norsk språkttest - i regi av Fylkesmannen og med tema dei nye språkprøvene i forhold til den nye læreplanen.

### **Resultatområde 33.5**

#### **Likeverdig utdanning i praksis**

Fylkesmannen skipa i 2005 til ein oppstartskonferanse på strategiplanen ”Likeverdig utdanning i praksis”.

I samsvar med strategiplanen og oppdragsbrevet arbeider også Fylkesmannen med utviding, oppfølging og vedlikehald av Fokusnettverket i Hordaland. Ein del av dette arbeidet er å skipe til årlege hjulmøte/Fokusseminar i samarbeid m NAFO og UH-sektoren (jf 33.3)

Det er også oppretta nettverksgruppe for lærarar som underviser vaksne framandspråklege, og det er gjennomført eit dagseminar for den same målgruppa

Oppfølging og rapportering i høve ”Verdiprojektet”, (jf resultatområde 34) er integrert i dette resultatområdet.

Representantar frå fylkesmannens utdanningsavdeling tek del i diverse referanse-/styringsgrupper for fylkeskommunale prosjekt på området

### **Resultatområde 33.6**

#### **Gi rom for lesing**

Viser til brev frå Udir av 20.12.05 der det går fram at Utdanningsdirektoratet ønskjer eigen elektronisk rapportering på dette området. Rapporteringsfrist 01. mars 2006.

### **Resultatområde 34**

#### **Lærings- og oppvekstmiljø**

Utdanningsavdelinga har informert skoleeigarane om dei ulike tiltaksprogramma mot mobbing. Vi har etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet samarbeidd med Høgskolen Stod/Haugesund om integrering av det sosialt/kognitive opplæringsprogrammet KREPS ved høgskolen. Dette arbeidet blei fullført hausten 2005. Skoleeigarar er invitert til å ta del i utviklingsprogrammet PALS med aktuelle barneskolar.

Utdanningsavdelinga har tatt initiativ til å følgje opp Strategiplanen ”...sammen om psykisk helse”. Hausten 2005 blei vi einige med kommunane om å følgje opp situasjonen til psykisk sjuke barn i skolen. Tiltak vil komme i 2006.

Prosjektet Fysisk aktivitet og måltider i skolen blei ført vidare for skoleåret 2005/2006. I inneverande skoleår er 22 skolar frå 8 kommunar med i prosjektet. Talet på ungdomsskolar har auka dette året, slik at det no er med 5 reine ungdomsskolar. Hordaland hadde ikkje søknader frå vidaregåande skolar i prosjektet. Det har vore arrangert 2 nettverkssamlingar i 2005 med god deltaking og stort engasjement. Prosjektgruppa hos FM har bestått av 2 representantar frå Helseavdelinga og 1 representant frå Utdanningsavdelinga, sistnemnde har hatt leiarfunksjonen i gruppa. I arbeidet med forslag til utveljing av skular la gruppa særskild vekt på at prosjektplanane omfatta tiltak for alle (universell utforming) og at kommunane aktivt stod bak skulane si satsing.

Prosjektgruppa har også samarbeidd med Landbruksavdelinga bl.a. vedrørande prosjektet Grønt i skolen, og deltakarane her har blitt med i nettverket.

Elles har Utdanningsavdelinga teke del i Samordningsgruppa for barn og unges oppvekstmiljø, vi viser her til årsrapporten frå Miljøvernabdelinga.



Fylkesmannens arbeid med "Verdiprojektet" blei integrert i arbeidet med strategiplane "Likeverdige utdanning i praksis". (jf resultatområde 33.5)

**Resultatområde 36.1**                                **Oppgaver som gjelder alle fylkesmannsembeta**  
Ingen spesielle problem med å få gjennomført oppgåvene.

**Resultatområde 36.5**                                **Koordinering av sensur for lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring**  
Det har ikkje vore problem med å gjennomføre sensuren. Sjå og område. 32.1

**Resultatområde 37.1**                                **Tilskotsforvaltning**  
Ingen problem, viser elles til ordinær økonomirapportering

**Resultatområde 37.2**                                **Utvikling og rettleiing i norskopplæringa**  
Informasjon om ny den nye læreplanen, metodisk rettleiing og ny tilskotsordning blir lagt ut på fylkesmannens heimesider (eiga fagside for vaksenopplæring). Fylkesmannen har også oppretta regionale nettverksgrupper og skipa til dagseminar/etterutdanning for lærarar som underviser vaksne framandspråklege (jf 33.5) Viser elles til ordinær økonomirapportering.

#### ***Resultatområde opplæring innanfor kriminalomsorga***

Våren 2005 la statsråd Kristin Clemet fram *St.meld. nr. 27 (2004-2005) Om opplæringa innanfor kriminalomsorgen*. Meldinga har mange forslag til forbetringar av opplæringa for innsette i norske fengsel. Stortingsmeldinga blei drøfta i Stortinget i juni og mange av forslaga blei forsterka. Fylkesmannen i Hordaland leiar ei arbeidsgruppe som skal lage ein plan for oppfølging av stortingsmeldinga. Stortingsmeldinga er også omsett til engelsk og sendt til alle utdannings- og justisdepartement i Europa. Den nordiske rapporten *Å lære bak murene* som blei administrert av Fylkesmannen i Hordaland, er omsett til engelsk og sendt aktuelle samarbeidspartnarar i Europa. Elles viser vi til eigen nasjonal rapport for området.

#### ***Resultatområde barnehagar***

Utdanningsavdelinga har behandla klagesaker etter forskrift om likeverdige behandling av barnehagar i høve til offentlege tilskot og etter forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Dette har vore kompliserte og tidkrevjande saker. Sidan forskriftene er nye, har det oppstått mange nye prinsipielle tolkingsspørsmål/ problemstillingar. Mange av spørsmåla har dreidd seg om forvaltningsrett, jus og økonomi.

Utdanningsavdelinga har teke del i samarbeidsprosjektet "Barnehage + skole = sant" i samarbeid med Fylkesmannen i Rogaland. Vi har også informert kommunar og private barnehageeigarar om ny barnehagelov og om ny rammeplan.

Fylkesmannen har skriva fleire brev til departementet om tolkingsspørsmål i samband med desse sakene. Eit av breva har departementet brukt og sendt ut til alle fylkesembeta.

I tillegg har Utdanningsavdelinga gitt fleire høyringsuttaler:

- Ny barnehagelov: forskriftsheimel for saksbehandlingsreglar for opptak i barnehage m.m.
- Ny opptaksordning og opptakskriteria for barnehagar i Bergen kommune
- Forslag til endringar i barnetrygdregelverket
- Endring av forskrift om likeverdige behandling i høve til offentlege tilskot